
Arbeidsrapport nr. 110

JØRGEN AMDAM:

TILHØVE OG UTFORDRINGAR PÅ SØRE SUNNMØRE



JØRGEN AMDAM:

TILHØVE OG UTFORDRINGAR PÅ SØRE SUNNMØRE

Arbeidsrapport nr. 110

Høgskulen i Volda Møreforsking Volda

2001

Prosjekt:	Samfunnsanalyse Søre Sunnmøre
Prosjektansvarleg:	Møreforsking Volda
Finansiering:	Regionrådet på Søre Sunnmøre
Prosjektleiar:	Jørgen Amdam, Høgskulen og Møreforsking Volda
Ansvarlege utgivarar:	Møreforsking Volda og Høgskulen i Volda
	ISBN 82-7661-136-2
	ISBN 82-7692-172-8
	ISSN 0805-6609
Sats:	Jørgen Amdam
Trykk:	Egset Trykk A/S
Opplag:	100
Distribusjon:	

INNHALD

SØRE SUNNMØRE SOM REGION – OPPSUMMERING 7
Vurdering av situasjon og framtid 11
Sterke sider 11
Svake sider 12
Samarbeidsområde 13
Kommunikasjonar – både interne og eksterne 14
Offentlege tenester ut over kommunenivå 14
Tiltak for ungdom og unge vaksne – heilskapleg rekrutteringsarbeid 15
Lokaliseringspolitikk og tenesteutvikling 15
Næringsutvikling 16
Interkommunalt samarbeid 17
REGIONAL KONKURRANSE OG UTVIKLING 18
Næringsutvikling og sysselsetting 19
Vestlandet 21
Utfordringar innan produksjonsnæringane 21
Energi – olje og gass 22
Havbruk og fiske 23
Maritim industri – kluster 25
Primærnæringane og utkantutfordringar 28
Utfordringar innan servicenæringane 29
Kunnskapsnæringar og IKT 29
Personretta privat tenesteyting 32
Offentleg verksemd 34
SAMFUNN OG KULTUR 36
Framskrivingar av folketal 43
SOSIALE TILHØVE 46
Tilhøva for ungdom og unge vaksne 47
Vedlegg 1: Kommunedata 55

FIGURAR

Kart 1. Søre Sunnmøre – yttergrenser og framtidig Eiksund-samband

Kart 2. Søre Sunnmøre – regionavgrensing og pendling

Kart 3. Regional struktur før og etter Eiksund- og Kvivs-sambanda. 9

Tabell 1. Kommunane på Søre Sunnmøre – reiseavstand (km) mellom kommunesenter med Eiksundsambandet. 10

Kart 4. Industristruktur i Møre og Romsdal. Kjelde: Fylkesplanen for M&R 2001-2004..... 18

Tabell 2. Sysselsettingsfordeling og totalsysselsetting 1998 19

Figur 1. Samanheng mellom folketalsstorleik (1998) og sysselsetjingsendring 1992 til 1998 (1992 = 100%) 20

Tabell 3. Sysselsettingsendring i prosent frå 1992 til 1998. 1992 = 100% 21

Figur 2. Regionstorleik og sekundærnæringane sin andel av totalsysselsetting 22

Tabell 4. Førstehandsverdi av ilandført og oppdretta fisk 1998, 1000 kr. (Kjelde: SSB internett) 23

Tabell 5. Fangstmengd etter hovudgruppe av fiskeslag og ilandføringsstad, 1996. (Kjelde: SSB NOS C 623) 24

Tabell 6. Det maritime klusteret i Møre og Romsdal i 1997/98 (Hervik et. al. 1998) 26

Figur 3. Regionstorleik og sysselsetting i primærnæringane 28

Figur 4. Regionale sysselsettingsandelar innan produksjonsretta privat tenesteyting på Vestlandet sett i samanheng med regionstorleik. 29

Tabell 7: Andel innbyggarar med høgre utdanning 1999 i økonomiske regionar. (prosent over 16 år). (Kjelde: Leknes og Steineke 2000) 31

Figur 6. Personretta privat tenesteyting og regionstorleik 33

Tabell 8. Varehandel, tal foretak og sysselsette i 1996. Kjelde: SSB. 33

Figur 7. Regionstorleik og ande offentleg sysselsetting. 35

Figur 8. Regional befolkning 1998 og vekst i perioden 1980 til 1998 36

Figur 9. Endring i sysselsetting og befolkningsutvikling i regionane på Vestlandet. 37

Figur 9. Folketalsutvikling på Søre Sunnmøre 38

Tabell 9. Folketalsutvikling på Søre Sunnmøre 38

Figur 12. Regionstorleik og kvinneunderskot. 40

Tabell 10. Folketal og nettoflytting. 41

Figur 13. Netto flytteoverskot Søre Sunnmøre 41

Tabell 14. Regionvis nettoflytting i 5-års periodar – tal personar. 42

Figur 15. Regionstorleik 1998 og folketalsframskriving til 2020 (alt. MMMM, SSB) 44

Tabell 11. Framskriving SSB, alternativ MMMM. 44

Figur 16. Folketalsutvikling med framskriving (SSB MMMM). 45

Tabell 12, Sosialindikator Hjulet 2000. 1= Best, 10= Verst (Kjelde: SSB) 46

Figur 17. Andel arbeidsledige og uføretrygda av arbeidsstyrken (Kjelde: SSB web 2000) 46
Figur 18. Bruttoinntekt pr. innbyggjar. (Kjelde: SSB web 2001) 47
Figur 19. Ønskje til og vurdering av bustad (spørsmåla er ikkje direkte samanliknbare, men oppsummerer tendensar) – ungdom Møre. 49
Figur 21. Vurdering av sosialt miljø, unge vaksne. 50
Figur 22. Unge vaksne og flytteplanar. 51
Figur 23. Unge vaksne si vurdering av næringslivet i kommunen, % positive. 52

Forord

Denne arbeidsrapporten er utarbeidd på oppdrag av Søre Sunnmøre regionråd som grunnlag for det vidare arbeidet med å utvikle strategiar og tiltak for samarbeid. Oppdraget har gått ut på å bruke eksisterande data og analyser til å gi ei best mogleg samla framstilling av tilhøva innanfor ei avgrensa ressursramme. Derfor må ein sjå på denne arbeidsrapporten som eit innspel til vidare debatt og som grunnlag for utvikling sams visjonar og satsingsområde i det vidare samarbeidet.

Notatet er skreve slik at den første delen (side 7 – 16) oppsummerar funn og kjem med konkrete tilrådingar, medan dei seinare delane presenterer nærare data om og vurderingar av tilhøva.

Volda 24 april 2001

Jørgen Amdam

SØRE SUNNMØRE SOM REGION – OPPSUMMERING

Søre Sunnmøre er i dag delt inn i fleire bu- og arbeidsmarknadsområde på grunn av dei vanskelege kommunikasjonane. Når ein avgrensar slike område tek ein utgangspunkt i dei største tettstadane og vurderer kva omland som kan nå ulike senter med ei reisetid ein veg på under 45 minutt. Dette har gjort at Statistisk Sentralbyrå i si siste inndeling har delt området i to, eit indre med dei to kommunane Ørsta og Volda og eit ytre som omfattar kommunane Hareid, Herøy, Sande, Ulstein og Vanylven – her kalla Ytre Søre. Begge områda er karakterisert av ein "polysentrisk struktur" der ingen stad er klart dominerande . Om ein ser nærare på reelle reistetider er tilhøva i dag at:

?? Det er mogleg å reise frå Ørsta/Volda til Ulstein på under 45 minutt om ein er heldig med ferjeavgangar. Men om ein reknar vanleg ventetid til ferje og tek omsyn til ferjekostnad, som aukar avstandskostnadene i vesentleg grad, er integrasjonen av desse to sentrumsområda til sams bu- og arbeidsmarknader vanskeleg.

?? På grunn av ferjer er store delar av området "nattestengt" i forhold til kvarandre.

?? Område som delar av Ørsta, Volda, Vanylven og Sande ligg også utanfor akseptabel reisetid og kostnad i forhold til sentera Ørsta, Volda, Ulstein, Hareid eller Fosnavåg.




Kart 1. Søre Sunnmøre - yttergrenser og framtidig Eiksund-samband

Utfordringane knytt til kommunikasjonsstruktur ser ein også av analysane gjort i fylkesplanen for Møre og Romsdal 2001 – 2004, der både bildet av regional struktur og arbeidsreiser klart viser eit delt område med to tyngdepunkt, sitat: *Pendlingsstraumane ved utgangen av 1998 viste ei stor gjensidig pendling mellom Ørsta og Volda (ca. 15 %), stor pendling frå Herøy og spesielt Hareid til Ulstein (ca. 15 % og 24 %), men også motsett. Frå Ørsta og Volda var det nesten like stor pendling til Ålesund som til Ulstein/Herøy. Ulstein/Herøy/Hareid hadde minimal pendling til Ørsta/Volda, men langt større pendling til Ålesund.*

Det dette viser er ein struktur der Ålesund er det framherskande senteret på Sunnmøre og med landsdelsfunksjonar, at Ørsta/Volda samla er uomtvista senter for sin region på nivået under, medan Ytre Søre Sunnmøre dels har Ulsteinvik som arbeidssentrum, men også Ålesund. Spesielt Hareid har faktisk ei reisetid på under 45 minutt til sentrale delar av Ålesund – men igjen avhengig av ferje eller hurtigbåt.

Kart 2. Søre Sunnmøre – regionavgrensing og pendling.
Kjelde: Møre og Romsdal fylkesplan 2001 – 2004.






Samanlikna med byregionar der ofte 50% eller meir av befolkninga bur i "byen" (bykommunen) er situasjonen på Søre Sunnmøre at ingen av dei fem større sentera har ein slik posisjon. Sentera Ørsta og Volda har til saman om lag denne situasjonen i sitt område og dei kan til saman sjåast som ein "by" med ca. 10.000 innbyggjarar buande i tettstader ca. 10 km frå kvarandre. På Ytre Søre har ein eigentleg to slike strukturar, Hareid/Ulstein med ca. 8000 tettstadinnbyggjarar innan 10 km avstand og Fosnavåg med ca. 5000 tettstadinnbyggjarar. Eigentleg har ein tre "senterstrukturar" som dels utfyller kvarandre og dels konkurrerer.

I løpet av neste 10-år er det svært sannsynleg at Eiksund-sambandet vert bygd. Dette vil knytte dei to bu- og arbeidsmarknadane saman, dels ved at reisetida mellom Ørsta/Volda og Ulsteinvik/Hareid vert redusert til ca. 30 minutt, til Fosnavåg til ca. 45 minutt, dels ved at nattestenginga mellom dei to områda vil verte oppheva. Like eins vil Kvivsvegen binde Ørsta/Volda saman med indre og midtre Nordfjord innanfor dagleg reiseavstand, eit område med ca. 14000 innbyggjarar. Med desse to sentrale kommunikasjonstiltaka vart det danna ein storregion med Ørsta/Volda som sentrum med snart 60.000 innbyggjarar. Dette gir nye utfordringar, men også nye moglegheiter for heile området og som vil krevje samarbeid og sams strategiutvikling. Full effekt av denne samankoplinga vil ein imidlertid ikkje få før avgiftene fell vekk.

I analyser mellom anna utført av Hansen og Selstad (1998) og Selstad (1998) er Ørsta/Volda karakterisert som ein stagnerande region, medan Ytre Søre er omtalt som ein vekstregion. Likevel, begge regionane er små kvar for seg med respektive ca. 18.000 og 26.000 innbyggjarar og med ein svakt utvikla senterstruktur. I dei same vurderingane er Ytre Søre karakterisert som ein region med småsenter (mellom 2000 og 5000 innbyggjarar i sentrum) og Ørsta/Volda som ein bygdebyregion (5000 til 10000 innbyggjarar i sentrum).

Samanlikna med til dømes Ålesundregionen med eit sentrum med snart 40.000 innbyggjarar i ein arbeidsmarknad på ca. 70.000, vil sentera på Søre Sunnmøre uansett vere svake og lett

hamne i skuggen av Ålesund. Ørsta/Volda vil samla sett berre ha ca. 10.000 innbyggjarar i dei to samankopla sentera. Sjølv om ein ser Ulsteinvik, Hareid og Fosnavåg som ein "polysentrisk struktur" (mange senter som utfyller kvarandre) så vil denne ikkje vere stort større enn Ørsta/Volda og avstanden til Fosnavåg er så stor at dette senteret ikkje kan fungere godt i symbiose med dei to andre. Dette har eg forsøkt å illustrerer på dei to neste figurane med regionsituasjon før og etter Eiksundsambandet og Kvivsvegen.



Kart 3. Regional struktur før og etter Eiksund- og Kvivs-sambanda.

Medan ein i dag har to små regionar på Søre Sunnmøre, vil dei to sambanda føre til ein region med om lag same utstrekning som Ålesund-regionen og med nesten same folketal (snart 60.000). Ørsta/Volda vil lokaliseringsmessig vere i sentrum for denne regionen. Men den nye bu- og arbeidsmarknadsregionen har konkurranse frå Ålesund i nord og frå Nordfjord i sør som vist på kart 3. Nordfjordeid har Ørsta/Volda innan influensområdet sitt, men denne regionen er meir tynt befolka enn Ålesund og Ørsta/Volda med ca. 33.000 innbyggjarar, men denne når også opp mot ca. 50.000 med Ørsta/Volda eller som Ytre Søre og Ørsta/Volda til saman. Sjølv om dei nye sambanda skaper nye moglegheiter, kan dei også føre til at Søre Sunnmøre hamnar mellom to stolar, Ålesund og Nordfjord. Denne konkurransen kan dels vere ekstern – i forhold til Ålesund og Nordfjordeid – men også intern mellom sentera i den nye store regionen.

Desse strukturelle forholda kjem tydeleg fram på tabell 1 der det er vist avstandar mellom kommunesentera etter at Eiksundsambandet er bygd ut. Med unntak av Vanylven og Sande og til ein viss grad Herøy, vert avstandane så korte at dei ligg under akseptabel dagleg reiseavstand. Om ein brukar ein "sentralitetsindikator" som mål, framstår dei tre sentera Ørsta, Volda og Ulstein som dei mest sentrale i området – med Ørsta eit lite hestehaud framføre. I ein "fri konkurransesituasjon" med aktiv konkurranseretta tilrettelegging frå kommunane, er det sannsynleg at Ørsta/Volda ville verte "vinnar". For å kome på same nivå som desse to, måtte Ulsteinvik ha ei befolkning på godt over 10.000 innbyggjarar. Men faktisk er det slik at om avstanden betyr lite som hinder, er Ålesund eit minst like sentralt punkt for innbyggjarane på Søre Sunnmøre på grunn av si store folkemengde, mange funksjonar og dermed høg attraktivitet.

Med Kvivsvegen vil avstandane mellom Volda (Ørsta + 10 km) til Hornindal vere ca. 35 km, Stryn 50 km, Eid 70 km – alle desse innan akseptabel dagleg pendlingsavstand. Om ein tek omsyn til dette vil Ørsta og Volda styrke sitt potensiale vesentleg i forhold til Ulstein. Frå før er Vanylven i stor grad knytt til ytre Nordfjord, avstandane frå Fiskå til Måløy er ca. 52 km,

Selje ca. 37 km og Nordfjordeid ca. 66 km. For Vanylven er Måløy det næraste senteret. Om Vanylven skal knytast nærare til Volda/Ørsta eller Ytre Søre krev dette ei vesentleg betring av ferjesambanda og vidare integrasjon av ytre del av Nordfjord krev opprusting av RV 60.

Sett i forhold til Søre Sunnmøre er det Oslo og til dels Ålesund som er dei store konkurrentane kva gjeld avanserte arbeidsplassar og service. Om ein ikkje festar blikket på slik ytre konkurranse og satsar på å møte denne, kan innbyrdes konkurranse føre til missbruk av ressursar og manglande regional utvikling. Kommunane og sentera må samarbeide for å trekke til seg aktivitetar utanfrå og samstundes utvikle ei arbeidsdeling seg i mellom for å unngå øydeleggande lokaliseringsstridar. For slike arbeidsplassar innan offentleg og privat tenesteyting er det viktig at dei får lokalitetar som foretaka og institusjonane sjølv finn fordelaktig uansett kvar på Søre Sunnmøre dette er, dersom alternativet er ingen slike aktivitetar i området. Med noverande skattesystem er det kvar dei sysselsette lokaliserer seg som er det viktige for kommunane. Og her er utfordringa å skape best moglege bumiljø for ulike grupper i ulike delar av området, bumiljø som innan service, sosialt miljø, kommunikasjonar, fysisk miljø m.m. kan konkurrere med Ålesundsregionen og meir sentrale stader.

Tabell 1. Kommunane på Søre Sunnmøre – reiseavstand (km) mellom kommunesenter med Eiksundsambandet.

Kommune	Befolkning	Volda	Ørsta	Ulstein	Hareid	Herøy	Sande	Vanylven
Volda	8200	0	10	30	40	48	50	70
Ørsta	10200	10	0	30	40	48	50	80
Ulstein	6500	30	30	0	10	30	32	60
Hareid	4800	40	40	10	0	40	42	70
Herøy	8500	48	48	30	40	0	42	70
Sande	3000	50	50	32	42	42	0	30
Vanylven	3500	70	80	60	70	70	30	0
Ålesund	40000	100	100	60	50	80	80	120
Sentralitet (n=1) u. Ålesund		13,5	14,7	9,9	6,9	7,1	3,0	2,3
Sentralitet (n=1,3) u. Ålesund		5,9	6,3	4,0	2,8	2,3	0,9	0,7

Sentralitet er ein indikator på kor sentralt eit kommunesenteret er i forhold til dei andre i regionen – målt som potensielt reisemål. Dess høgre indikator, dess hyppigare sannsynleg reisemål. Det kjem fram etter formelen Sum ($BefA*BefB/(avstA-B)^n$). Dess større n, dess meir betyr avstanden som hinder.

I denne delen av rapporten vil eg oppsummere situasjon og utfordringar på Søre Sunnmøre ut frå vurderingar som er gjort i dei neste kapitla (vedlegg) og spele inn in del tema som det bør arbeidast nærare med i regi av regionrådet. Utgangspunktet er dei 7 kommunane på Søre Sunnmøre, men med blikk både nordover og sørover. Spesielt vil eg legge vekt på forhold der kommunane bør ha fordelar av å samarbeide for å utvikle seg sjølv og heile regionen. I den andre delen av rapporten vil eg dokumentere nokre utviklingslinjer, spesielt:

?? Kva utvikling har Søre Sunnmøre hatt samanlikna med andre regionar og kva kan utfordringane verte i framtida? Kva strategiar bør utviklast for å måte utfordringane?

?? Kva utviklingstrekk har kommunane på Søre Sunnmøre og kva spesielle utfordringar har dei?

Vurdering av situasjon og framtid

Sterke sider

?? Kommunane på Søre Sunnmøre kjem ut som gjennomsnittet eller betre i Statistisk sentralbyrå sin årlege indeks for sosiale tilhøve i kommunane. Best er dei to utkantkommunane Vanylven og Sande, dernest Herøy og Ulstein og dårlegast (om lag på gjennomsnittet i Noreg og på nivå med Molde og Ålesund) dei tre andre kommunane.

?? Samanlikna med Noreg så har begge regionane mange unge under 20 år, noko som er eit positivt kjenneteikn. Både Ytre Søre (5%) og Ørsta/Volda (3%) har hatt litt høgre vekst i befolkning i denne 18-årsperioden enn regionstorleiken skulle tilseie, men betydeleg mindre vekst enn ein "normalregion" med over 40.000 innbyggjarar (ca. 10% vekst).

?? Søre Sunnmøre er nasjonalt (og internasjonalt) tyngdepunkt innan verkstadindustri inklusive skipsbygging og innan bergverksdrift (olivin). Innan bransjar som fiskeindustri og møbel og teko er det tyngde på eit regionalt nivå, men desse verksemdene er nært knytt til nasjonale tyngdepunkt elles på Sunnmøre. Sysselsettinga i primær- og sekundærnæringane er høg, 52% på Ytre Søre og 35% i Ørsta/Volda mot 35% på Vestlandet og 27% i Noreg. Dette er ein styrke med omsyn til produksjonsmiljø, men også ein veikskap med omsyn til typen arbeidsplassar.

?? Som samla region har Søre Sunnmøre over 19.000 arbeidsplassar. Dette er langt meir enn Kristiansund (13.500), ja faktisk nær Molde (27.000). Om regionen greier å halde på arbeidsplassane innan industri og primærnæring, er det rom for stor vekst innan tenesteyting om regionen skal opp på same nivå som tilsvarande regionar - faktisk godt over 2000 arbeidsplassar.

?? Det maritime klusteret på Nordvestlandet er i stor grad avhengig av fiskeriverksemd med t.d. over 100 havgåande båtar berre i Møre og Romsdal og med hovudtyngda på Søre Sunnmøre, spesielt Herøy. Herøy er landets største sjøfarts- og fiskerikommune. Herøy har åleine over 50 offshorefarty, like eins er det store reiarlag med base i Vanylven. Ulstein har ei tilsvarande dominerande rolle innan skipsbygging, skipsutstyr og design, men og med slike aktivitetar i dei andre kommunane. Den tette symbiosen mellom reiarar/brukarar, konstruktørar, utstyrsleverandørar og verft har til no gitt det maritime klusteret på Nordvestlandet stor omstillingsevne og evne til fleksibel spesialisering. Samstundes har denne overlevingsevna også gjort denne verksemda til interessante oppkjøp frå nasjonale og internasjonale konsern.

?? Søre Sunnmøre har i lag med resten av Nordvestlandet etter kvart ein dominerande posisjon innan tradisjonelt fiskeri i Noreg både med omsyn til kontroll over båtar og kvotar, utvikling av båtar og utstyr m.m. På fiskeri er Herøy desidert størst i tonnasje/ilandført kvantum ved eiga flåte. Det er stor breidde i fiskeria: - havgåande - Nordsjø/kyst-flåten og sjark, reke, ringnot og Nordsjø- trål. Samstundes er slik verksemd avhengig av nasjonal og internasjonal fiskeripolitikk og ikkje minst berekraftig uttak frå ulike bestand. Det er derfor viktig at området har fleire bein å stå på samstundes som ein greier å vidareutvikle og styrke kunnskapsmiljøet som er knytt til denne verksemda.

?? På Søre Sunnmøre har Ørsta/Volda (30%) litt høgre offentleg sysselsetting enn det ein kunne vente ut frå regionstorleik, vesentleg på grunn av sjukehus og høgskule, medan Ytre Søre (20%) har langt lavare andel enn "normalt" for regionstorleiken. Samla offentleg sysselsetting er på ca. 24% som også er klart under gjennomsnittet for Vestlandet og det "normale" for ein region med over 40.000 innbyggjarar.

Svake sider

?? Etter at Eiksundsambandet og Kvivsvegen er utbygd vil bu- og arbeidsmarknaden ha opp mot 60.000 innbyggjarar, men samstundes ein svært svakt utvikla senterstruktur. Tilsvarande regionar har som regel over 50% av folketalet samla i eit sentralområde (by) som Ålesund, Molde m.m. Dei potensielle sentera Ørsta/Volda (ca. 10.000 innbyggjarar) og Ulsteinvik/Hareid (ca. 8.000 innbyggjarar) har svært langt igjen til å utvikle seg til dette nivået og innbyrdes konkurranse kan øydelegge for utviklinga av avansert service m.m. som ein som regel finn i regionar av denne storleiken. I staden bør ein samarbeide om å utvikle og tiltrekke seg slike avanserte funksjonar som regionen manglar i dag.

?? Sjølv om Eiksundsambandet og Kvivsvegen vil binde saman dei større sentera i regionen, er framleis den romlege strukturen svært oppdelt av fjordar og fjell og med store kommunikasjonsutfordringar til sørsida av Voldsfjorden, øyane utan fastlandssamband og spesielt sambandet til Ålesund. Storleik på arbeidsmarknadsregionen målt som folketal eller totalsysselsetting betyr mykje for den regionale dynamikken. På Søre Sunnmøre ligg mange slike utkantområde innan rimeleg "luftlinjeavstand" frå større og meir vekstkraftige senter og regionar, men fjordar og fjell dannar barrierar.

?? Søre Sunnmøre har hatt ei stor og langsiktig nettoutflytting. Berre Ulstein kommune har hatt ei nettoutflytting (13%) i denne 35 års perioden, alle andre kommunar har hatt nettoutflytting og som til saman er 5 gongar så stor som nettotilflyttinga til Ulstein. Heile Søre Sunnmøre er ein betydeleg nettoeksportør av ungdom og spesielt unge kvinner. Spesielt er Vanylven og Sande sterkt utsett.

?? Det er eit stort kvinneoverskot i dei eldre aldersgruppene, noko som er vanleg på grunn av at kvinner lever lenger enn menn. Det kritiske er aldersgruppene mellom 20 og 39 år. Der har Ytre Søre eit underskot på 480 kvinner, eller 14% og Ørsta/Volda eit underskot på 185 eller 8 %. I dei "produktive" aldersgruppene mellom 20 og 67 år har begge regionane ein mindre andel enn landet, og i spesielt Ørsta/Volda er det også relativt fleire eldre enn gjennomsnittet i Noreg.

?? Ørsta/Volda hadde 9% vekst i sysselsetting frå 1992 til 1998, men berre 2% vekst i befolkninga. Tilhøva i Ytre Søre var endå verre, ein sysselsettingsvekst på 17% har berre gitt 3% vekst i befolkninga! Det er sannsynleg at dette i høg grad skuldast små bu- og arbeidsmarknader, einsidig næringsliv og også strukturelle forhold til befolkninga.

?? Ytre Søre har svært høg sysselsetting innan sekundærnæringane og primærnæringane, til saman 52%. Spesielt personretta og offentleg tenesteyting er sysselsettingsmessig på eit langt lavare nivå (til saman 40%) enn regionar med tilsvarande storleik og langt under gjennomsnittet i Noreg (58%). Når ein i tillegg tek omsyn til at til vanleg er arbeid innan sekundær- og primærnæring mannsdominerte, medan desse tenestenæringane er kvinnedominerte, betyr dette at Ytre Søre har ein svært mannsdominert næringsstruktur. Ørsta/Volda på andre sida har ein næringsstruktur som er meir lik landsgjennomsnittet, og med spesielt høg sysselsetting innan offentleg tenesteyting – men også mindre vekstkraft enn Ytre Søre.

?? For skipsbyggingsindustrien vil auka bygging av skrog i utlandet og meir utrysting av dei der, kunne både vere ei fare for den regionale skipsbyggingsverksemda og bryte det tette bandet mellom skipsbyggingsverksemd og utstyrsprodusentar. Det lave utdanningsnivået i Noreg innan real- og ingeniørfag er også ei stor utfordring innan denne industrien og primær og sekundærnæringane i området i det heile. I tillegg kan vidare eigarkonsentrasjon, rasjonalisering og automatisering innan både landbruk, fiskeri og fiskeoppdrett by på store utfordringar og at vidareforedling av fisk vert ført ut av området.

?? Mykje av den maritime verksemda på Vestlandet og spesielt på Nordvestlandet er lokalisert "avsides", dvs. i regionar med einsidige og små arbeidsmarknader og vanskelege kommunikasjonar. Mange av foretaka er også små. Dette fører til store utfordringar med å rekruttere dyktige leiarar, spesialarbeidarar m.m. Det fører også til at tilgangen til spesielt høgt kvalifisert bedriftsretta tenesteyting vert dårleg (Amdam 1998). Ei tettare samanknyting av dei to bu- og arbeidsmarknadsområda på Søre Sunnmøre vil kunne rette opp delar av desse manglane ved at det vert etablert ein større arbeidsmarknad, meir varierande arbeidstilbod og truleg også meir avansert service etter kvart. Om ein ser utfordringane innan dette klusteret isolert er ei tettare samanknyting til Ålesundsregionen også viktig, fordi dei mest avanserte fagmiljøa er lokalisert i Ålesund og Ulsteinvik.

?? Sett i forhold til kor viktig industriverksemd er på Søre Sunnmøre, er sysselsettingsandelen innan privat produksjonsretta tenesteyting lav. Det same gjeld utdanningsnivå, forskings- og utviklingsverksemd og IKT. Vidare utvikling av næringslivet vil kunne avhenge av at ein har nær tilgang til høg kvalitet og kvantitet på slike tenester. Ein auke av regionstorleik gjennom Eiksundsambandet kan gjere forholda betre eigna for slik verksemd, spesielt i kombinasjon mellom høgskulemiljøet i Volda og industrimiljøet i Ulsteinvik. Den betydelege veksten på 1990-talet viser at det er grunnlag for betydeleg auke av slik verksemd.

?? Søre Sunnmøre har ein andel på berre 23% innan personretta privat tenesteyting, om ein tek omsyn til samla folketal og til studentar som ikkje er registrert som busette i området, burde andelen kunne vere over 26 %. Samstundes er sysselsettinga "skeivfordelt" i regionen, andelen er heile 26% i Ørsta/Volda og berre 20% på Ytre Søre. Desse forskjellane skuldast truleg dels dei mange studentane, men også "lekkasje" dels til Ålesundsområdet og til Ørsta/Volda frå Ytre Søre.

?? Det er ikkje lett å vere ung og å vekse opp i desse kommunane. 2/3 av dei unge i ei spørreskjemagransking på Ytre Søre markerer at dei mistrivst. På Sunnmøre er mistrivselen generelt sett stor og spesielt i Vanylven. Berre 1/3 av ungdomen markerer at dei har sterk tilknyting til heimkommunen, samanlikna med over 50% i Vikna i Nord-Trøndelag. Samstundes vert det markert at over 50% av gutane og over 2/3 av jentene ikkje reknar med å vere busett i kommunen om 10 til 15 år – samanlikna med berre 1/3 i Vikna. Spesielt negative er vurderingane av Vanylven. Det som kjem klart fram og som også vert støtta av dei unge vaksne, er gapet mellom ønskje om og tilstand kva gjeld kommunikasjonar, arbeidsmarknad og service/uteliv. Dei unge vaksne peikar også på manglande tette sosiale relasjonar og kulturtilbod.

Samarbeidsområde

Område for regionalt samarbeid er utfordringar som er for store til at dei kan løysast av dei einskilde kommunane og/eller der kommunane kan ha direkte gevinst av å samarbeide økonomiske eller på andre måtar. Dei kommunale oppgåvene kan ein til vanleg delast i tre; forvaltning, produksjon og samfunnsutvikling. Det er spesielt innan samfunnsutvikling at området har fått nye utfordringar og nye moglegheiter og der det er viktig å samarbeide interkommunalt, men truleg kan ein også hauste gevinstar også innan offentleg produksjon og forvaltning. Nedanfor vil eg spesielt peike på samarbeidsområde der eg meinar at alle kommunesamfunna har mykje å vinne og lite å tape på samarbeid. Punkta byggjer på vurderinga av sterke og svake sider framanfor og i resten av rapporten.

Kommunikasjonar – både interne og eksterne

Spesielt Eiksundsambandet men også Kvivsvegen vil etablere eit bu- og arbeidsmarknads-område som gir nye moglegheiter for arbeidsplassreising spesielt innan tenesteyting retta mot næringslivet og mot innbyggjarar. Men dette krev at regionen arbeider systematisk for å sikre gjennomføringa av desse sambanda og at dei vert så rimelege som råd for brukarane. Men skal regionen fungere godt må ytterområda til regionen ha best mogleg samband til "sentralområdet" slik at flest mogleg kan stå friare i både val av bustad og arbeidsstad. I tillegg til dei to nemnde sambanda krev dette ei vidare opprusting av RV 60 og betring av sambanda frå Vanylven til Ytre Søre og Ørsta/Volda. Samband nordover til Ålesund og sørover til Nordfjord er også viktige for at næringsliv- og samfunnsliv i regionen skal fungere best mogleg. I denne samanhengen vil Stadt-tunellen vere med å knytte Nordvestlandet saman m.m. med betre moglegheiter for hurtigbåt mellom Bergen og Trondheim. Like eins må ein arbeide aktivt for betre samordning av rutetilbod internt og eksternt med båt, bil og fly til beste for alle grupper av innbyggjarar og næringsliv. Regionrådet bør ha eit spesielt ansvar som pådrivar og koordinator i dette arbeidet.

Offentlege tenester ut over kommunenivå

Kommunikasjonsendringane vil gi nye utfordringar og moglegheiter spesielt innan forvaltning og tenesteproduksjon på det overkommunale nivået. Regionen har mellom anna funksjonar som sjukehus og høgskule som kan vere utsette. Til dømes statleg overtaking av sjukehusa, endringar i domstolsorganiseringa, politidistrikt m.m. før dei regionendrande sambanda er på plass, kan føre til endringar her som ikkje er tenlege i forhold til strukturen som vil vere mogleg eller regionutvidinga. Sjukehuset i Volda vil vere i ein konkurransesituasjon i forhold til sjukehusa i Ålesund og på Nordfjordeid. Den auka regionstorleiken bør gjere det mogleg å utvide funksjonane til sjukehuset i Volda, eventuelt å etablere eit tett samarbeid med sjukehuset på Eid sidan Søre Sunnmøre og Nordfjord til saman har eit befolkningsgrunnlag som Romsdal. Kommunikasjonsendringane gjer det også mogleg å utvikle nye tilbod som til dømes høgskuleundervisning spesielt innretta mot næringslivet på Ytre Søre. Også innan andre felt bør det vere mogleg å trekke til seg statleg verksemd som elles er meir sentralisert. Regionrådet bør spele ei aktiv rolle i å sikre og å utvide slike funksjonar i denne regionen til beste for alle innbyggjarar.

Det vidaregåande utdanningstilbodet i regionen bør sjåast i samanheng og spesielt opp mot behova til det noverande og framtidige næringslivet til regionen. Det vil også vere store utfordringar knytt til modernisering av undervisningstilbod, bruk av IKT, tett samarbeid med næringslivet m.m. og spesielt utvikling av desentraliserte tilbod som gjer at ungdom kan bu heime lengst mogleg også i utkantane. Dette feltet er for viktig for regionen til at det kan overlatast til skulane og fylkeskommunen. Regionrådet bør spele ei sentral rolle i å etablere eit aktivt og givande samarbeid, gjerne etter modell av samarbeidet om kompetanseutvikling i Haram kommune.

Kommunikasjonsendringane kan gi høve til større innom-regional sentralisering av offentlege tenester ved at fleire kan nå felleskontor. Dette kan på eine sida føre til at utkantområda misser arbeidsplassar, på andre sida at tenester får betre kvalitet. Samstundes gir IKT større moglegheiter enn før til fri lokalisering av tenester som bør vere i ein region, men som den einskilde borgar ikkje treng å oppsøke så ofte. I staden for å sjå kvar slik teneste for seg, bør regionen utvikle ein sams politikk for lokalisering av slike tenester som gjer at også små senter får slike funksjonar. Visse funksjonar kan berre ligge sentralt, andre er meir bevegelege og desse bør lokaliserast utanom sentralaksen i regionen.

Tiltak for ungdom og unge vaksne – heilskapleg rekrutteringsarbeid

Kva kan gjerast for å få forbetring for unge? Nokre indikasjonar kan ein få frå svara dei unge i dei tre tettstadene har gitt. Dei peikar på manglande aktivitetar for uorganiserte, møteplassar, transport m.m. – i det heile aktivitetar som gjer det lettare for dei unge å treffe kvarandre og pleie sosial kontakt. Det som kjem klart fram og som også vert støtta av dei unge vaksne, er gapet mellom ønskje om og tilstand kva gjeld kommunikasjonar, einsidig arbeidsmarknad og service/uteliv. Dei unge vaksne peikar også på manglande tette sosiale relasjonar og kulturtilbod.

Ovanfor er nemnt aktuelle tiltak innan kulturtilbod og idrett m.m. Det som er viktig er at ein ser behova for desse gruppene i samanheng og at regionen bevisst satsar på forbetring av tilhøva. Det bør vere aktuelt å etablere eit sams regionalt utviklingsprogram for miljøet til ungdom og unge vaksne som grip fatt i dei sams utfordringane og behova til dei som bur her og som er aktuelle innflyttarar/tilbakeflyttarar.

Lokaliseringspolitikk og tenesteutvikling

Med den framtidige kommunikasjonsstrukturen vil aksen frå Hareid/Ulsteinvik/Myrvåg til Ørsta/Volda vere den sentrale med omsyn til lokalisering av funksjonar som det berre kan vere ein av i regionen. Med ei "naturleg" utvikling vil ein truleg få sterk konkurranse mellom Ørsta/Volda som er det mest sentrale punktet, men med liten privat vekstkraft, og Ulsteinvik som har rask vekst i dag og betydeleg privat kapital som kan brukast til senterutvikling. Men dette kan også føre til både offentlege og private feilinvesteringar. Det er viktig at regionrådet finn fram til ein overordna lokaliseringspolitikk og arbeidsdeling knytt til kjøpesenterutvikling, kultur- og idrettsbygg, spesialhandel, avanserte tenester m.m. Nedanfor er nemnd tre døme på slike utfordringar som bør løysast regionalt:

?? Ein sentral mangel i regionen er møteplassar for ungdom og unge vaksne på Ytre Søre. På grunn av høgskulemiljøet er nok tilhøva litt betre i Ørsta/Volda, men til dømes manglar ein eit godt studenthus. Sidan det er eit stort kvinneoverskot mellom studentane i Volda og stort mannsoverskot i tilsvarande aldersgruppe på Ytre Søre, vil det vere i heile regionen sin interesse at det vert etablert eit godt studenthus i Volda som kan tene som samlingsstad for visse ungdomsgrupper i heile regionen. Kanskje bør heile regionen satse på utvikling av eit avansert, regionalt kulturtilbod i Ørsta/Volda-området med grunnlag i kultur- og samfunnshusa dei har, Ivar Aasen senteret m.m. eller eit nytt og stort sams regionalt kulturbygg - med vekt på teater, musikk m.m.

?? Hødd har moglegheiter til å utvikle seg til det sentrale fotballaget for heile regionen og med ambisjonar i retning av tippeligaen og med heile regionen i ryggen. Dette vil kunne krevje at ein må byggje ein fotballhall i Ulsteinvik og som kan fungere for heile regionen.

?? Herøy og Fosnavåg har eit spesielt høgt kunnskapsnivå innan fiskeriverksemd i regionen. Regionen bør satse bevisst på å bygge ut ulike produksjons- og servicefunksjonar for fiskeriverksemd og tilrettelegge for vidare utvikling av miljøet gjennom utdanningstiltak, areal- og hamnetilrettelegging m.m.

Ei sentral oppgåve for regionrådet er å tenke gjennom slike nye tenesteområde som det er grunnlag for berre ein av i regionen og å utvikle semje om lokalisering ut frå lokal tradisjon og vilkår. I denne samanhengen er det også svært viktig at ein greier å utvikle offentleg og privat samfinansiering og sambruk.

Næringsutvikling

Ei sentral utfordring for regionen er å halde på og vidareutvikle eksisterande næringar og samstundes utvikle nye arbeidsplassar. Dei eksisterande arbeidsplassane har ei hovudtyngde innan mannsdominert produksjon. Aktuelle offentlege og private servicearbeidsplassar vil i vesentleg grad kunne gi grunnlag for tilsetting av velutdanna ungdom, spesielt kvinner. Det er derfor lite konkurranseforhold mellom eksisterande og aktuelle nye arbeidsplassar – dei vil i stor grad supplere kvarandre og gi betre arbeidsgrunnlag for begge partar i hushalda.

Innan dette feltet er det svært viktig at ein greier å utvikle eit aktivt partnarskap med næringslivet. Dei offentlege stimulerande virkemidlane sterkt avgrensa er i det meste av regionen, ut over arealmessig tilrettelegging m.m. Det er derfor viktig at ein greier å utvikle ei realistisk arbeidsdeling. I tillegg til kompetansesatsing m.m. vil eg spesielt peike på desse viktige samarbeidsområda:

?? Det maritime miljøet Nordvestlandet er unikt og i stor grad dominert av Ålesund, Ulsteinvik og Fosnavåg. For å vidareutvikle miljøet er det viktig å ha tettast mogleg samarbeid mellom næringslivet og offentleg verksemd. Regionrådet kan her vere ein viktig arena for utvikling av sams strategiar for nærings- og samfunnsutvikling til fordel både for næringslivet og regionen. Spesielt vil dette gjelde å vere arena og dagsordensettar i den offentlege debatten om næringsutvikling og rammevilkår for næringa.

?? Vidare utvikling av oppdrettsverksemd vil sette store krav til arealbruksplanlegging og –forvaltning både til lands og på og i sjøen. Ein kan forvente at produksjonar i aukande grad vil krevje areal på land i tillegg til å legge band på sjøområde. Vidare vekst innan oppdrettsnæringa kan lett skape store konfliktar i dei tettare busette områda på Søre Sunnmøre der det også vil vere stor konkurranse om arbeidskraft. Ein bør derfor legge vekt på å vidareutvikle desse næringane i dei meir utkantprega delane av regionen: Vanylven, Sande, sørsida av Voldsfjorden og Hjørundfjorden. Av aktuelle tiltak er utvikling av ein regionplan for havbruk. Det er sterke tendensar for sentralisering av havbruksretta produksjon som slakting, vidareforedling m.m. Ei sentral regional oppgåve er å legge til rette for slike funksjonar i regionen slik at ein har meir arbeidsintensive produksjonar enn sjølve råvareproduksjonen.

?? I strategiarbeid innan fiskeri og oppdrett vil det vere viktig å støtte opp om dei eksisterande fiskerimiljøa og spesielt styrke Herøy og Fosnavåg som senter for fiskeriretta verksemd, godt støtta av Hareid og Vartdal. Innan oppdrett bør ein på tilsvarande måte satse sterkt på å bygge opp miljø i Vanylven, Sande, Dalsfjord og i Vartdal og Hjørundfjordområdet.

?? Utviklingstrekka taler sterkt for målretta tilrettelegging for sjeldne former for produksjonsretta privat tenesteyting, like eins næringsretta FoU-innsats og IKT-verksemd. I dette arbeidet må Søre Sunnmøre samarbeide tett med Ålesund og utvikle ei fornuftig arbeidsdeling ut frå kompetanse- og næringsstruktur. Berre då kan ein klare å konkurrere med Oslo-området og utlandet innan slik verksemd.

?? Eiksundsambandet vil skape ein meir integrert tenesteregion og vil kunne gi grunnlag for meir personretta spesialhandel og –tenester, i konkurranse med Ålesund. Det er mykje uutnytta potensiale spesielt på Ytre Søre og som det kan verte lettare å realisere med betre interne kommunikasjonar. Regionrådet bør systematisk arbeide med tilrettelegging for og tiltrekking av slike funksjonar. Det bør også gjennomførast ei analyse av kva slike funksjonar som er svake i regionen og der kommunikasjonsforbetringane gir grunnlag for forbetring.

?? Også innan småskala reiselivsverksemd og "grøn omsorg" bør det vere mogleg å få vesentleg auke av aktiviteten, spesielt i dei meir perifere delane av regionen. Regionrådet bør take initiativ til eigne utviklingsprogram her med støtte frå bygdeutviklingsmidlar m.m.

Interkommunalt samarbeid

Mange peikar på interkommunalt samarbeid innan kommunal produksjon som eit viktig felt for "effektivisering og rasjonalisering". Det er nødvendig å utvikle kultur for slikt samarbeid spesielt ved å gripe fatt i området og tenester der alle kommunar har fordelar av samarbeid og å bruke dette til å utvikle kultur, tradisjon og tillit mellom dei offentlege aktørane. I denne samanhengen er det viktig å skille mellom funksjonar som:

"Primærproduksjon" – undervisning, sjukeheimar, primærlege m.m. Det aller meste av produksjonsverksemda til kommunane er denne typen der kvar kommune har ein eller fleire institusjonar og som er stor nok kvar for seg til å vere rimeleg effektiv. Storparten av sysselsettinga til kommunane er oppteken med slik velferdsproduksjon på underkommunalt og kommunalt nivå. Regionalt samarbeid, kommunesamanslåing m.m. vil, utanom nokre få grensetilhøve, i liten grad innverke på slik produksjon direkte. På den andre sida kan eit regionalt samarbeid føre til betre kunnskapsutveksling og gjensidig læring mellom slike produserande basiseiningar.

"Sekundærproduksjon" – offentleg tenesteproduksjon til "primærprodusentane" og til mindre grupper – sjeldne tenester. Slike døme er rådgiving, etter- og vidareutdanning av personell i primærproduksjonen, legevaktsordningar m.m. Innan IKT kan det vere mykje å vinne på å velje same typen system og samarbeide om opplæring og brukarstøtte. Innan til dømes kommunal teknikk og planlegging bør det vere mogleg å samarbeide betre om oppmålingsverksemd, digital kartverk og GAB, byggeleiing m.m. På tilsvarande vis kan det vere mykje å vinne på å samarbeide innan renovasjon, vatn og kloakk m.m. Kommunane samarbeider i stor grad om slik verksemd, men truleg kan ein vinne mykje på å utvide samarbeidet. Fordelane er ofte ikkje økonomiske, men samdrift kan skape større arbeidsmiljø og gjere det lettare å rekruttere spesialkompetanse som det ikkje er grunnlag for i kvar einskild kommune. Spesielt om slik arbeidsdeling også fører til lokaliseringar som vert opplevd som "rettferdig" – bør det vere råd å kome langt i interkommunalt samarbeid. For regionrådet vil det vere ei utfordring å klarlegge slike aktuelle samarbeidsområde og å utvikle samarbeidsordningar som vert opplevd som rimeleg og rettferdig av dei samarbeidande kommunane.

"Forvaltning" – dette gjeld den meir "legale" verksemda til kommunane som byggjeløyveverksemd m.m. og som i prinsippet er "byråkratisk" verksemd der det bør vere ein viss avstand mellom dei som har ansvar for slik verksemd og brukarane. Denne verksemda er relativt liten i kommunane og samstundes eit område der det kan vere mykje å vinne på meir samarbeid for å kunne få til spesialisering.


"Politikk og leiing" – er dels knytt til sjølve organisering og leiing av kommunal produksjon, men også eit leiaransvar for samfunnsutvikling og samfunnsplanlegging. Spesielt innan samfunnsutvikling og samfunnsplanlegging bør det vere mykje å vinne ved eit auka regionalt samarbeid, spesielt ved å gjere regionen meir konkurransedyktig i forhold til andre regionar som peika på ovanfor. Også innan administrasjon kan det vere mykje å vinne innan planlegging, systemutvikling, spesialisering m.m. ved eit betre regionalt samarbeid.

REGIONAL KONKURRANSE OG UTVIKLING

Eit klart utviklingstrekk dei siste åra er regional spesialisering innan næringslivet og danning av regionale samanhopingar av delvis samarbeidande og konkurrerande føretak innan same bransje i det som vert kalla ”kluster”. Ofte er dette resultat av konkurranse mellom ulike regionar nasjonalt og internasjonalt der dei som greier å utvikle det beste totalmiljøet for produksjon m.m. overlever. Innan industriell masseproduksjon er det ei ”vedtatt sanning” at industrielle høgkostland som Noreg ikkje kan konkurrere med lavkostland anna enn innan svært avansert produksjon. På den andre sida viser det seg at utvikla land fortsatt er konkurransedyktig innan fleksibel spesialproduksjon, dvs. produksjon som inneheld mykje forskings- og utviklingsinnsats, små seriar, ”skreddarsaum” m.m. (Storper 1997). Dette krev foretak og regionar med høg formell og taus kunnskap innan vedkomande felt og ei nyutvikling av kunnskap og produksjon som er minst like rask som hjå konkurrentane. Innan slike felt konkurrerer foretak og regionar i langt større grad med regionar i andre land og verdsdelar, enn med andre regionar i landet.

Også Søre Sunnmøre må ein sjå i dette lyset. I fylkesplanen (sjå kart 4) er det peika på at Søre Sunnmøre er nasjonalt (og internasjonalt) tyngdepunkt innan verkstadindustri inklusive skipsbygging og innan bergverksdrift (olivin). Innan bransjar som fiskeindustri og møbel og teko er det tyngde på eit lavare nivå, men desse verksemdene er nært knytt til nasjonale tyngdepunkt elles på Sunnmøre.

Kart 4. Industristruktur i Møre og Romsdal. Kjelde: Fylkesplanen for M&R 2001-2004.



I rapporten "Framtid for Vestlandet" har Amdam m.fl. (2000) sett nærare på regional struktur og utfordringar på Vestlandet og utvikla tre scenario for mogleg framtid. Her vil eg byggje på denne rapporten, men spesielt fokusere på tilhøva på Søre Sunnmøre sett i forhold til andre regionar på Vestlandet og i Noreg.

Næringsutvikling og sysselsetting

Tabell 2. Sysselsettingsfordeling og totalsysselsetting 1998

Region	Primær-næring	Sekund-ærnæring	Personr. priv te	Bedriftsr priv ten	Off tenester	Sum = 100%
Rogaland	**5 %**	**31 %**	**28 %**	**13 %**	**23 %**	**175374**
Bergen	2 %	23 %	31 %	14 %	29 %	159692
Hordaland	**3 %**	**25 %**	**30 %**	**13 %**	**29 %**	**195935**
Nordfjord	14 %	31 %	24 %	6 %	25 %	13091
Sogn og Fjordane	**11 %**	**29 %**	**23 %**	**7 %**	**29 %**	**48699**
Molde	8 %	29 %	26 %	7 %	30 %	27278
Kristiansund	8 %	26 %	29 %	9 %	28 %	13452
Ålesund	6 %	33 %	28 %	11 %	23 %	38350
Ytre Søre	*12 %*	*40 %*	*20 %*	*8 %*	*20 %*	*11485*
Ørsta/Volda	*9 %*	*26 %*	*26 %*	*8 %*	*30 %*	*7637*
Sunndalsøra	8 %	42 %	18 %	5 %	26 %	4371
Surnadal	18 %	30 %	22 %	5 %	26 %	4302
Møre og Romsdal	**8 %**	**32 %**	**26 %**	**8 %**	**26 %**	**106875**
Vestlandet	6 %	29 %	27 %	11 %	26 %	526883
Norge	4 %	23 %	30 %	14 %	28 %	2064244
Oslo	0 %	15 %	35 %	26 %	24 %	358371
Søre Sunnmøre	11 %	35 %	23 %	8 %	24 %	19122

Tabell 2 viser sysselsettingsstrukturen i Noreg, i Vestlandsfylka og i utvalde regionar på Vestlandet. Søre Sunnmøre er som i anna nyare regionale data frå SSB delt inn i to regionar: Ørsta/Volda og Ulsteinvik (Ytre Søre). Nokre av dei karakteristiske trekka til dei to regionane samanlikna med andre er:


- Ytre Søre har svært høg sysselsetting innan sekundærnæringane og primærnæringane, til saman 52%. Spesielt personretta og offentleg tenesteyting er sysselsettingsmessig på eit langt lavare nivå (til saman 40%) enn regionar med tilsvarande storleik og langt under gjennomsnittet i Noreg (58%). Når ein i tillegg tek omsyn til at til vanleg er arbeid innan sekundær- og primærnæring mannsdominerte, medan desse tenestenæringane er kvinnedominerte, betyr dette at Ytre Søre har ein svært mannsdominert næringsstruktur.

?? Ørsta/Volda på andre sida har ein næringsstruktur som er meir lik landsgjennomsnittet, og med spesielt høg sysselsetting innan offentleg tenesteyting.

?? Langt på veg utfyller desse to regionane kvarandre som vist på nedste linje i tabell 2. Samanlikna med landet er likevel dei tenesteytande næringane klart underutvikla, spesielt innan personretta privat tenesteyting. Dette heng nok i stor grad saman med den underutvikla senterstrukturen i området sett som ei samla eining, og dermed stor "lekkasje" spesielt til Ålesund. Samanlikna med Oslo er regionen svært stor innan produksjon, men sterkt underutvikla innan privat tenesteyting – spesielt bedriftsretta.

?? Som samla region har Søre Sunnmøre over 19.000 arbeidsplassar. Dette er langt meir enn Kristiansund (13.500), ja faktisk nær Molde (27.000). Om regionen greier å halde på arbeidsplassane innan industri og primærnæring, er det rom for ein svært stor vekst innan tenesteyting og regionen skal opp på same nivå som tilsvarande regionar - faktisk godt over 2000 arbeidsplassar.

Figur 1. Samanheng mellom folketalsstorleik (1998) og sysselsetjingsendring 1992 til 1998 (1992 = 100%)



Figur 1 viser samanhengen mellom folketalet i regionane i dag og endringar i sysselsetting frå 1992 til 1998. Det generelle mønsteret er at dei store regionane har hatt betydeleg meir vekst enn dei små, og dette gjeld i vesentleg grad dei tenesteytande næringane. Dei to regionane på Søre Sunnmøre har hatt ei litt avvikande utvikling. Veksten har vore betydeleg større på Ytre

Søre enn regionstorleiken skulle tilseie, medan den har vore meir "normal". Som samla region skulle ein vente ein vekst på om lag 12% - den var 8 % i ØV og 17 % på Ytre Søre.

Tabell 3 viser at sysselsettingsendringane på Søre Sunnmøre er prega dels av ein svært sterk vekst i industrien på Ytre Søre (31%) og stagnasjon i Ø/V, kombinert med ein svært sterk vekst i privat tenesteyting i begge regionane – høgre enn landsgjennomsnittet og på nivå med Oslo. Dette må ein imidlertid vurdere opp mot det lave nivået i begge regionane. Utviklinga innan offentleg sektor er om lag som landsgjennomsnittet.

Tabell 3. Sysselsettingsendring i prosent frå 1992 til 1998. 1992 = 100%

Region	Syssel-setting 1998	Vekst % 92-98	Primær-næringar	Sekundær-næringar	Personretta priv. tj.yt.	Bedriftsretta priv. tj.yt.	Offentleg tj.yt.
Bergen	159692	114	107	115	122	130	100
Nordfjord	13091	105	76	113	115	114	109
Molde	27278	109	79	111	122	121	106
Kristiansund	13452	105	82	111	106	97	110
Ålesund	38350	117	83	123	115	129	117
Ytre Søre	*11485*	*117*	*77*	*131*	*123*	*141*	*110*
Ørsta/Volda	*7637*	*109*	*69*	*106*	*128*	*157*	*109*
Sunndalsøra	4371	101	80	98	94	129	119
Surnadal	4302	108	83	117	115	131	111
Vestlandet		113	84	115	119	129	107
Norge		**114**	**86**	**110**	**119**	**139**	**108**
Oslo		123	-	110	128	141	106
Søre Sunnmøre	19122	113	74	123	125	147	110

I analysen for Vestlandet peika vi på at dei strategiske næringane for den vidare utviklinga av Vestlandet og som vart nærare vurdert var (Amdam m.fl. 2000):

1. Energiproduksjon – spesielt olje- og gassutvinning og foredling.
2. Havbruk og fiske
3. Maritim industri – kluster i sør (olje/gass) og nord (fiske/olje/gass)
4. Kunnskapsrelaterte næringar – delar av produksjonsretta privat tenesteyting og forsking og høgare kunnskapsformidling
5. Næringar spesielt viktige for utkantområde (landbruk, reiseliv)


Dei same næringane er, om enn i varierande grad, også viktige for Søre Sunnmøre. I tillegg er privat tenesteyting klart underutvikla og må studerast nærare.

Utfordringar innan produksjonsnæringane

Figur 2 viser samanhengen mellom regionstorleik og sysselsetting innan sekundærnæringane på Vestlandet – eller rettare sagt den manglande samanhengen. Variasjonane mellom regionar

synes i lagt større grad å vere prega av "tilfeldigheiter" enn storleiken på regionane, og knytt til forhold som god tilgang på kraft, god lokalisering i forhold til fiskeri, men også varierande regionalt entreprenørskap. Målt som sysselsettingsandel ligg Ytre Søre klart over "Vestlandsgjennomsnittet", Ørsta/Volda klart under – som samla region over gjennomsnittet på 29% for Vestlandet og klart over landsgjennomsnittet på 23%. Som Vestlandet elles er Søre Sunnmøre som region klart prega av industriproduksjon sysselsettingsmessig.

Figur 2. Regionstorleik og sekundærnæringane sin andel av totalsysselsetting



Energi – olje og gass

Vestlandet har tradisjonelt vore ein stor nettoprodusent av energi – til dels med stor eksport i form av elektrisitet til Austlandet og i form av energibasert foredling av råvarer. I dei siste 10-åra har dei store olje og gassfunna ført til store eksportverdiar og også til store økonomiske ringvirkningar spesielt i Rogaland og etter kvart Hordaland – men også resten av Vestlandet. Større vekt på fornybar energi som vind- og bølge-energi har stort potensiale på Vestlandet.

I 1998 var samla sysselsetting i petroliumsretta verksemd om lag 92.500 (Leknes og Steineke 2000). Av desse ca 92.500 arbeidde i underkant av halvparten med bygging av faste og flyttbare innretningar. Undersøking, boring og produksjon utgjer omlag 1/3 av sysselsettinga, mens basar, transport, forpleining og administrasjon står for omlag 15% og bygging og drift av ilandføringsledningar og foredlingsanlegg utgjer omlag halvparten av dette. Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal har berre til saman 6000 sysselsette innan denne verksemda, og vesentleg innan forsyningstenester. Fleire reiarlag på Ytre Søre er aktive innan forsynings- og anna støtteverksemd.

Denne verksemda har vore og er svært viktig for det maritime klusteret i regionen gjennom leveransar av spesialbåtar og utstyr knytt til olje- og gassverksemda og som det er viktig at

vert halde ved like og vidareutvikla. Det er lite truleg at regionen er aktuell som ilandføringsstad og dermed for utbygging av foredlingsverksemd.

Det meste av aktuell vasskraft er bygd ut i området. Om energiprisane stig vil utnytting av energien i vind og bølgjer verte meir interessant. Områda rundt Stadt er høgst aktuelle for slike lokalitetar både for regional forsyning og for leveransar av energi til samkøyringsnettet i samdrift med vasskraftproduksjon. Men dette kan også skape store utfordringar med omsyn til landskapsvern og i kystområda med både vernekonfliktar og konfliktar med fiske, oppdrett og anna havbruk.

Havbruk og fiske

Fiskerinæringen er ei stor næring i Noreg, faktisk den største eksportnæringa etter råolje og på linje med naturgass målt i verdi. I 1998 blei det eksportert 1.95 millionar tonn sjømat til ein verdi av 28,2 milliardar kroner. I verdi sto oppdrett av laks og aure for omlag 1/3 av dette. Fiskeria sin del av norsk eksport utgjorde då 8,5 %.[1] Innan fiskeri utgjorde verdien av ilandført fisk på Vestlandet 36% av all ilandføring i 1980, 47% i 1990 og 55% i 1997. Målt i mengd vart 68% ilandført på Vestlandet i 1997. Spesielt er det Møre og Romsdal som har fått stadig sterkare posisjon. I 1980 vart ca. 20% av all fisk målt i verdi ilandført i dette fylket, dette auka til 28% i 1990 og 32% i 1997 (SSB – Nordisk statistikk på CD-rom 1999).

Tabell 4. Førstehandsverdi av ilandført og oppdretta fisk 1998, 1000 kr. (Kjelde: SSB internett)

Fylke	Fiskeriverdi	Oppdrettsverdi	Sum
Rogaland	794716	556166	1350882
Hordaland	296891	1774130	2071021
Sogn og Fjordane	931888	781250	1713138
Møre og Romsdal	3184356	1389406	4573762
Vestlandet	5207851	4500952	9708803
Noreg	10409428	8513332	18922760

Målt som ilandført mengde og verdi har Søre Sunnmøre om lag 10 % av Noreg og om lag 40% av Møre og Romsdal i 1996, om lag same storleik som Ålesund kommune. Herøy er den dominerande kommunen, men ilandført fisk er også viktig i Hareid og Ørsta (Vartdal). For regionen er fiskeriverksemd og ilandføring og foredling av fisk svært viktig. I lag med Egersund, Ålesundsregionen og Måløy er Søre Sunnmøre dei dominerande fiskeriregionane i Sør-Noreg. Eit særtrekk ved regionen er at den er like sterk knytt til alle fiskeslaggrupper – den har derfor mange bein å stå på.

Innan tradisjonelt fiskeri er auke i mengdene av fangst sterkt avgrensa og mange bestand som torsk og sild er truleg overskatta. På den andre sida har verdien på spesielt kvitfisk auka sterkt dei siste åra, noko som har aktualisert oppdrett. Med langsiktig konstante mengder av fanga fisk vil utfordringane framover å auke verdien ved å take betre hand om råvarene og å utnytte produkta betre. Dette gjeld både bifangst og også utfordringar knytt til biprodukt frå avfall

1 Kilde: www.fiskeoppdrett.no / Eksportutvalget for Fisk

som til for og til biokjemisk produksjon. Kvalitetsforbetring, foredling, biprodukt og nye marknader synes å vere hovudutfordringar innan tradisjonell fiskeriverksemd.

Tabell 5. Fangstmengd etter hovudgruppe av fiskeslag og ilandføringsstad, 1996. (Kjelde: SSB NOS C 623) Fiskeristatistikk 1996-1997

Region	Mengd tonn	Verdi 1000 kr	Torsk m.m. T.	Sild og brisling T.	Makrell, lodde .. T.	Skaldyr T	Anna T.
Noreg	2649121	8718242	719558	822188	979843	43683	83849
Møre og Romsdal	671257	2834573	224831	118574	223778	4125	31950
Ålesund	265246	1319296	112395	50648	80037	1987	20179
Herøy	194033	493414	26182	53599	109370	1751	3131
Ørsta	30046	169710	27838	19		1	2189
Hareid	36407	103328	803	31481	4078		44
Sande	4194	29745	3267				927
Vanylven	1242	3329		1097		144	
Ulstein	157	1384	127				30
Søre Sunnmøre	266079	800910	58217	86196	113448	1896	6321
SS % av Norge	10 %	9 %	8 %	10 %	12 %	4 %	8 %

Det er store forventningar til vekst innan oppdrett, noko som er å forvente når ein veit at mengde seld oppdretta laks auka med over 100% frå 1993 til 1998, frå ca. 160000 tonn til ca. 360000 tonn. Verdien har auka i litt mindre grad, ca. 80%. I rapporten "Norges muligheter for verdiskaping innen havbruk" (DKNVS 1999) vert det peika på eit potensiale for ein formidabel verdivekst innan fiskeri, oppdrett og tilknytt verksemd frå ca. 40 milliard kr. i år 2000 til ca. 240 milliard kr. i år 2030. Svært mykje av denne veksten vil eventuelt kome frå dyrking av artar som tidlegare berre har vorte fangsta – men også ei femdobling av mengde oppdrettslaks. Ei slik endring vil krevje ei dramatisk opptrapping av forskings- og utviklingsinnsats. Det er rimeleg å tru at Vestlandet vil ha sin del av ein slik vekst – noko som gjer det viktig å studere nærare kva konsekvensar ei slik utvikling vil ha.

Samstundes er sysselsettingseffektane av oppdrett små til no på grunn av lav foredlingsgrad innanlands. Berre 4284 personar var direkte sysselsett innan næringa direkte i 1997, av desse 678 i M&R (SSB Internett). I tillegg vil kome sysselsetting innan tilgrensande aktivitet som eksportfirma, transport m.m. som til dømes vart utrekna til ca. 9.700 av Fiskeridirektoratet i 1994 (Leknes og Steineke 2000) – til saman ein sysselsettingseffekt på ca. 14.000, av dette minst ½ på Vestlandet og truleg ca. 15% i Møre og Romsdal. På grunn av at konsesjonar er fordelt over heile kysten, har Sunnmøre og Søre Sunnmøre ikkje den same dominerande posisjonen innan oppdrett som innan vanlege fiskeri. På den andre sida er Ålesund i ferd med

å verte det dominerande eksportkunnskapsmiljøet også innan oppdretta fisk som innan tradisjonelle fiskeri.

Mellom utfordringane for Søre Sunnmøre vi vil peike på:

?? Søre Sunnmøre har i lag med resten av Nordvestlandet etter kvart ein dominerande posisjon innan tradisjonelt fiskeri i Noreg både med omsyn til kontroll over båtar og kvotar, utvikling av båtar og utstyr m.m. Samstundes er slik verksemd avhengig av nasjonal og internasjonal fiskeripolitikk og ikkje minst berekraftig uttak frå ulike bestand. Det er derfor viktig at området har fleire bein å stå på samstundes som ein greier å vidareutvikle og styrke kunnskapsmiljøet som er knytt til denne verksemda.

?? Både innan fiskeriverksemd og oppdrett har det foregått ein betydeleg konsentrasjon. Med om lag konstant mengde fangst og med oppmjuking av kvoteordningar må ein rekne med ein vidare konsentrasjon til større og færre båtar og truleg også ein vidare konsentrasjon på produksjons- og eksportsida. Nordvestlandet har vore ein klar vinnar til no i slike prosessar, Søre Sunnmøre spesielt innan tradisjonelt fiskeri. På den andre sida har foredlingsgraden vore lav. På oppdrettssida foregår storstilte oppkjøp av konsesjonar og konsentrasjon både på produksjons- og eksportsida – utan sentrale aktørar frå Søre Sunnmøre. Nordvestlandet synes å styrke stillinga si her, men her kan ein også vente større innslag av internasjonale operatørar.

?? Ein stor vekst i oppdrett vil kunne føre til problem med naturleg fôr (fisk) og vil truleg medføre auka bruk av landplantar og/eller for med basis i olje/gass. Det kan også vere aktuelt å stenge av fjordarmar og havområde for gjødsling og dermed dyrking av maritime plantar og krill til fôr eller beiting og fangst av krill i havet. Det er også mogleg at det vert utvikla teknologi som gjer at produksjonen går "til havs". Slike endringar kan få store miljømessige konsekvensar – dels knytt til auka forureining av sjø og havet, men også sperring av store område for fri ferdsel. Det kan også gi nye moglegheiter knytt til teknologiutvikling der industrien i området bør sjå moglegheiter.

?? Vidare utvikling av oppdrettsverksemd vil sette store krav til arealbruksplanlegging og –forvaltning både til lands og på og i sjøen. Ein kan forvente at produksjonar i aukande grad vil krevje areal på land i tillegg til å legge band på sjøområde. Vidare vekst innan oppdrettsnæringa kan lett skape store konfliktar i dei tettare busette områda på Søre Sunnmøre der det også vil vere stor konkurranse om arbeidskraft. Ein bør derfor legge vekt på å vidareutvikle desse næringane i dei meir utkantprega delane av regionen: Vanylven, Sande, sørsida av Voldsfjorden og Hjørundfjorden.

?? I strategiarbeid innan fiskeri og oppdrett vil det vere viktig å støtte opp om dei eksisterande fiskerimiljøa og spesielt styrke Herøy og Fosnavåg som senter for fiskeriretta verksemd, godt støtta av Hareid og Vartdal. Innan oppdrett bør ein på tilsvarande måte satse sterkt på å bygge opp miljø i Vanylven, Sande, Dalsfjord og i Vartdal og Hjørundfjordområdet.

Maritim industri – kluster

Historisk har fiskeriverksemd og sjøfart vore svært avgjerande for utvikling av den maritime industrien på Vestlandet. Utviklinga har fulgt den "franske" modellen (Wicken 1997) der handverkarar har utvikla industri i tett samarbeid med brukarar med grunnlag i nye utfordringar og teknologiske moglegheiter. Frå trebåtar vart utvikla metallbåtar og moderne skipsbygging. Kopiering av enkle motorar og anna utstyr førte til produksjon av det avanserte utstyret som trengst i moderne båtar. Industrien har i prinsippet utvikla produkt som fiskarar

og reiarar trengde etter kvart som behov vart definert og teknologi gjorde det mogleg å produsere dette.

Etter oljefunna på 1970-talet har desse miljøa på Vestlandet i det vesentlege vorte delt i to. På Sørvestlandet vart det danna eit "oljekluster" der den maritime industrien i stor grad omstilte seg til å dekke behov innan oljeleiting og –utvinning. Tyngdepunkt her er Rogaland, men også Hordaland. På Nordvestlandet fortsette ein med skipsbygging og skipsutstyr, men med nye båttypar som forsyningsbåtar m.m. til oljeverksemd i tillegg til båtar til fiske og ulike spesialskip. Den siste tilveksten på denne stamma er båtar for legging av optiske kablar på sjøbotnen. Tyngdepunkt her er Møre og Romsdal med base i Ulstein- og Ålesundregionane, men også Sogn og Fjordane og dels Hordaland.

Desse to til dels integrerte maritime kluster er svært viktige for Vestlandet. For å vise dimensjonane og integrasjonen vil vi vise til desse opplysningane om verksemda i Møre og Romsdal (Hervik et.al. 1998), sjå tabell 6. Av dei 13.000 sysselsette er heile 4000 i Ulsteinregionen og snart like mange i Ålesundsregionen.

Tabell 6. Det maritime klusteret i Møre og Romsdal i 1997/98 (Hervik et. al. 1998)

Bransje	Tal foretak	Omsetning 1997, mill kr.	Sysselsetting	Resultat grad
Skipsverft	23	5700	3000	1,2 %
Leverandørar og skipskonsulentar	190	6000	4900	6 % 15 %
Rederier (shipping/havfiske)	13 trad. Shipping 130 båtar havfiske	2700 2900	5300	29 % 15 %
Sum:		15700 (1)	13000	

(1)- korrigert for internleveranser.

I realiteten er skipsverfta som er den mest synlege verksemda berre 1/3 av den totale tett samanbundne verksemda. Hervik si gransking viser også at skipskonstruktørar har heile verda som marknad, men også at dei fører til at båtar vert bygd i Noreg og spesielt at det vert brukt norsk utstyr. Dei har ei nøkkelrolle i utviklinga av samspeleffekten i klusteret. I perioden 1994 til og med 1997 totalprosjekterte skipskonstruktørane i fylket 198 båtar, av desse 101 for utanlandske reiarar. 43% av båtane vart bygd i fylket, 31% i utlandet. Regionale reiarar har også stor tendens til å bruke regionale skipsverft og utstyrprodusentar.

Den oppfølgande granskinga i år 2000 (Hervik et al 2000) bekreftar desse funna. Sysselsettinga på Ytre Søre er vurdert til 3677 i år 2000 (snart 1/3 av totalsysselsettinga i området), etter ei viss nedbemanning på verfta frå 1998. Sysselsettinga var fordelt med ca 1/3 kvar for verft, rederi og underleverandørar, medan t.d. Ålesundregionen utanom Haram i større grad er meir dominert av leverandørsektoren. I tillegg kjem sysselsettinga i Ørsta/Volda som gjer at totalsysselsettinga innan dette feltet er godt over 4000 på Søre Sunnmøre eller over 20% av totalsysselsettinga. Frå 1998 til 2000 var tendensen i Møre og Romsdal at verfta reduserte bemanninga med 15%, det var ein like sterk reduksjon innan havfiske (frå 1997 til 1999), stabil sysselsetting hjå underleverandørar og 10% vekst i talet sjøfolk busett i Møre og

Romsdal. Lønnsemda var også redusert innan heile feltet frå 1998 til 2000. Med sin dominerande posisjon innan havfiske og verft har mykje av denne nedgangen kome på Søre Sunnmøre – men dette har truleg teke seg opp igjen i år 2001.

Hervik et al (1998 og 2000) viser at utviklinga innan den maritime verksemda er heilt avgjerande for den vidare utviklinga på Søre Sunnmøre. Samstundes kan ein peike på ein del utfordringar knytt til denne verksemda:

?? Det maritime klusteret på Nordvestlandet er i stor grad avhengig av fiskeriverksemd med t.d. over 100 havgåande båtar berre i Møre og Romsdal og med hovudtyngda på Søre Sunnmøre. Det er store behov for fornying av flåten, men slik verksemd er i stor grad avhengig av m.a. kvoteregelverk og ressurstilgang. Endringar i fiskeripolitikk kan få store både positive og negative konsekvensar for klusteret.

?? Konstruksjon og bygging av fiskefartøy og forsyningsbåtar er den viktigaste verksemda, t.d. var rundt 50% av oppdraga til skipskonstruktørane dei siste 5 åra fiskefartøy og ca. 30% forsyningsskip. Av dei snart 300 fartøya dei konstruerte vart snart ½ bygd i Møre og Romsdal. Samstundes skjer ein aukande del av stålproduksjonen i utlandet, og dette kan også føre til at utrusting i aukande grad vil skje der. Det er i denne samanhengen peika på behovet for eit sams stort og effektivt skrogverft på Nordvestlandet som kan konkurrere med dei utanlandske produsentane og dermed sikre miljøet.

?? Den tette symbiosen mellom reiarar/brukarar, konstruktørar, utstyrsleverandørar og verft har til no gitt det maritime klusteret på Nordvestlandet stor omstillingsevne og evne til fleksibel spesialisering. Samstundes har denne overlevingsevna også gjort denne verksemda til interessante oppkjøp frå nasjonale og internasjonale konsern. Dette kan i verste fall føre til mindre fleksibilitet og brot på samspelet mellom sentrale regionale aktørar, t.d. ved at konserninterne produkt må brukast framføre regionale. Rolls-Royce er i dag svært dominerande med t.d. snart halvparten av skipskonstruktørane tilsett hjå seg og med dominerande posisjon også innan utstyrsproduksjon – men ingen verftsdel.


?? Hervik et al (2000) peikar på at FoU-verksemda ligg på eit lavt nivå, trass i at klusteret vert karakterisert som svært innovativt der skipskonstruktørane spelar ei hovudrolle. Spesielt er det innkjøp av eksterne FoU-tenester frå forskingsinstitusjonar og andre foretak som ligg lavt. Fråver av sterke bransjeretta forskingsmiljø på Nordvestlandet og lav andel av tilsette med t.d. Dr. ing. grad kan vere avgjerande her og kan vere fleskehalsar for vidare utvikling.

?? Mykje av denne verksemda på Vestlandet og spesielt på Nordvestlandet er lokalisert "avsides", dvs. i regionar med einsidige og små arbeidsmarknader og vanskelege kommunikasjonar. Mange av foretaka er også små. Dette fører til store utfordringar med å rekruttere dyktige leiarar, spesialarbeidarar m.m. og å drive kontinuerleg vidareutdanning og leiarutvikling. Det fører også til at tilgangen til spesielt høgt kvalifisert bedriftsretta tenesteyting vert dårleg (Amdam 1998). Ei tettare samanknyting av dei to bu- og arbeidsmarknadsområda på Søre Sunnmøre vil kunne rette opp delar av desse manglane ved at det vert etablert ein større arbeidsmarknad, meir varierande arbeidstilbod og truleg også meir avansert service etter kvart. Om ein ser utfordringane innan dette klusteret isolert er ei tettare samanknyting til Ålesundregionen også viktig, fordi dei mest avanserte fagmiljøa er lokalisert i Ålesund og Ulsteinvik.

Primærnæringane og utkantutfordringar

Søre Sunnmøre er prega av høg sysselsetting innan primærnæringane (YS 12%, ØV 9% samanlikna med 4% i landsgjennomsnitt) og klart større tilbakegang enn andre samanliknbare regionar (YS –23%, ØV –31%). Totalsysselsettinga på ca. 2000 i 1998 innan landbruk og fiskeri må også sjåast i samanheng med foredlingsindustrien og innan fiskeri, spesielt den store verksemda innan det maritime klusteret med leveransar av båtar, utstyr m.m. (dei over 4000 arbeidsplassane innan dette klusteret på Søre Sunnmøre omfattar også havfiskarar og rederiverksemd, men ikkje foredlingsindustri). Som peika på ovanfor er den fiskerirelaterte verksemda svært viktig for Søre Sunnmøre, spesielt dei ytre strøka.

Figur 3. Regionstorleik og sysselsetting i primærnæringane



Figur 3 viser at til ein viss grad er det ein samanheng mellom minkande regionstorleik og aukande avhengigheit av primærnæringane på Vestlandet. Dette heng nok i stor grad saman med at dess mindre region, dess vanskelegare er det å utvikle alternative arbeidsplassar og dess mindre grunnlag er det for å etablere service. Dei største unntaka er dei typiske landbruksområda som Jæren (større andel enn "normalt") og typiske einsidige industriregionar (mindre andel enn "normalt"). Dei to regionane på Søre Sunnmøre avvik ikkje særleg frå dette mønsteret.

Totalt sett betyr landbruket relativt lite for området i dag, men det er svært viktig for busetjinga i utkantområda. Mange av bruka er små og tungt drivne og må satse på tilleggsinntekter om verksemda skal kunne oppretthaldast. Restriksjonar med omsyn til omsetning av eigedomar kan også hindre rekruttering av "nykomarar".

Utfordringar:


?? Kva kan gjerast for å bygge opp alternative næringsvegar til dømes innan reiseliv, omsorg m.m.? Kva kan gjerast innan utvikling av nye småskala prega produksjonsformer t.d. spesialprodukt innan næringsmiddel m.m. I ein regional samanheng bør ein prioritere

utkantområda kva gjeld tiltak innan oppdrettsverksemd, grøn omsorg, småskala reiseliv m.m.

?? Tradisjonelt har "mangesysleri" vore den vanlegaste forma for sysselsetting for landbrukshushald på Vestlandet, dvs stor grad av kombinasjon av yrke på same person eller at hushalda har fleire ulike inntektskjelder. Næringspolitikken innan primærnæringane har satsa storstilt på "einesysleri" gjennom oppbygging av store landbrukseiningar, heiltidsarbeid som fiskarar m.m. Landbruksoppgjeret i år (2000) forsterkar slike trekk. Er det mogleg og ønskjeleg å snu slike trendar t.d. landbruk og eller fiske kombinert med reiseliv m.m.?

?? Storleik på arbeidsmarknadsregionen målt som folketal eller totalsysselsetting betyr mykje for den regionale dynamikken. På Søre Sunnmøre ligg mange slike utkantområde innan rimeleg "luftlinjeavstand" frå større og meir vekstkraftige senter og regionar, men fjordar og fjell dannar barrierar. Kva kan gjerast for å forbetre kommunikasjonane slik at små samfunn kan integrerast i større?

Utfordringar innan servicenæringane



Figur 4. Regionale sysselsetjingsandelar innan produksjonsretta privat tenesteyting på Vestlandet sett i samanheng med regionstorleik.

Kunnskapsnæringar og IKT


I omtalen av det maritime klusteret (sjå ovanfor) peikar Hervik et.al. (1998) på den sentrale rolla til skipskonstruktørane. Dei hadde ei nøkkelrolle i kraft av evnene sine til å trekke til seg oppdrag frå heile verda og som førte til at båtar vart bygd i Noreg og spesielt at utstyr vart brukt frå norske produsentar.

På 1980- og 1990- talet har vi sett at bedriftsretta tenesteyting har ekspandert sterkt, spesielt den høgt kompetansekrevjande delen av slik verksemd. I denne kategorien av tenesteproduksjon har SSB teke med bransjar som leverer minst 50% av produksjonen til andre foretak. I vesentleg grad gjeld dette ulike typar konsulentar, hotell, transportørar m.m. – mange av dei svært kunnskaps- og utdanningskrevjande. Produksjonsretta kunnskapsrelaterte tenester som forretningsmessig tenesteyting og forsking voks med heile 71% i sysselsetting på 1980-talet (Selstad 1998) – ja det meste av den nasjonale veksten på 14% innan desse næringane kom innan dette feltet.

Framanfor har eg vist at medan 26% av sysselsettinga i Oslo er knytt til bedriftsretta privat tenesteyting, er berre 8% av sysselsettinga på Søre Sunnmøre innan dette feltet trass i ein svært aktiv industri. I dette perspektivet er området eit produserande utkantområde som får avansert service frå Oslo og til dels Ålesund. Figur 4 viser at det er relativt klar samanheng mellom regionstorleik og nivå på produksjonsretta privat tenesteyting, som ein kan vente. Dei to regionane på Søre Sunnmøre ligg faktisk over forventa nivå i slik sysselsetting – på eit nivå som regionar på Molde sin storleik. Likevel bør ein kunne forvente ein relativ auke her om dei to regionane vert integrerte.

Innan *forskingsfeltet og IKT* har ein om lag same sentraliserte mønster som ovanfor, sjå Leknes og Steineke (2000). I 1997 var FoU-utgiftene per innbyggjar svært forskjellige i dei fire Vestlandsfylka. Medan Hordaland låg litt over landsgjennomsnittet i utgifter pr. innbyggjar, låg Rogaland på under 50%, M&R ca. 25% og S&F berre 10% av landsgjennomsnittet. I Hordaland blei nær halvparten av FoU-innsatsen utført av universitets- og høgskolesektoren, mens næringslivet utførte det meste av FoU-arbeidet både i Rogaland og Møre og Romsdal. Sett i forhold til den store aktiviteten i sekundærnæringane på Vestlandet, er dette eit klart teikn på manglande offentleg FoU-innsats i nærområdet til næringslivet – noko som gjer det vanskeleg å få til interaktiv læring mellom FoU-miljø og næringsliv (Isaksen og Spilling 1996, Isaksen 1997). På grunn av Høgskulen i Volda er FoU innsatsen relativt høg på Søre Sunnmøre, men på grunn av den statsstyrte profilen til høgskulen som utdanningsstad vesentleg til offentleg verksemd er lite av denne verksemda direkte næringsretta.

I moderne økonomiar er teknologiske forbetringar den viktigaste årsaka til økt verdiskaping. Utviklinga av ny informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) har vore særleg viktig for å gjøre alminnelege produksjonsprosessar meir effektive, og for å utvide spekteret av forretningsmessige tenester. Teknologien gjer sitt inntog på stadig fleire verksemdsområde, og det har etter kvart blitt mogleg å påvise ein klar positiv samanheng mellom investeringar i informasjonsteknologi og forbetringar i produktiviteten til verksemder (Leknes og Steineke 2000, Farsund m. fl. 1999).



Figur 5. IKT-næringa på Vestlandet (Kjelde: Leknes og Steineke 2000).

Bergen og Stavanger/Sandnes er dei dominerande regionane i IT-næringa på Vestlandet – både absolutt og relativt. I Bergen er det 8.5 arbeidsplassar i IT-næringa per 1000 innbyggar. Dette utgjer i underkant av 3000 personar. Ytre Søre har i overkant av ein IT-arbeidsplass per 1000 innbyggjarar, Ørsta/Volda om lag 1,5. Samla betyr dette at det berre er eit 50-tals spesialistar innan dette feltet i regionen, noko som er lite når ein tek omsyn til den aukande bruken av IKT i produksjonsstyring og i utstyr.

Tabell 7: Andel innbyggarar med høgre utdanning 1999 i økonomiske regionar. (prosent over 16 år). (Kjelde: Leknes og Steineke 2000)

Molde	18
Kristiansund	16.4
Ålesund	18.7
Ytre Søre	*15.9*
Ørsta/Volda	*20.6*
Sunndalsøra	15
Surnadal	12.2
Møre og Romsdal	**17.3**
Hordaland	**22,1**

Også med omsyn til utdanningsnivå utfyller dei to regionane på Søre Sunnmøre kvarandre. Medan nivået er relativt høgt i Ørsta/Volda (Høgskule, sjukehus m.m.) er det lavt på Ytre Søre. Samanlikna med Oslo som har om lag 36% med utdanning over vidaregåande skule, er nivået lågt.

Utfordringar:

?? Sett i forhold til kor viktig industriverksemd er på Søre Sunnmøre, er sysselsettingsandelen innan privat produksjonsretta tenesteyting lav. Det same gjeld utdanningsnivå, FoU-verksemd og IKT. Vidare utvikling av næringslivet vil kunne avhenge av at ein har nær tilgang til høg kvalitet og kvantitet på slike tenester. Ein auke av regionstorleik gjennom Eiksundsambandet kan gjere forholda betre eigna for slik verksemd, spesielt i kombinasjon mellom høgskulemiljøet i Volda og industrimiljøet i Ulsteinvik. Den betydelege veksten på 1990-talet viser at det er grunnlag for betydeleg auke av slik verksemd.

?? Medan foretak og konsern før i stor grad produserte slike tenester sjølv, er det aukande tendens til kjøp av slike tenester. Dette betyr også at viktige element innan forsking og utviklingsarbeid vert ført ut av produksjonsverksemdene. Om slik verksemd ikkje er lokalisert nær produksjonen, kan ein misse vesentleg deler av den "tause" kunnskapen som er så vesentleg for å gjere forskingsbasert kunnskap om til produksjonsretta og marknadsretta kunnskap og produkt. Det kan også få alvorlege følgjer for innovasjon og fleksibilitet i næringslivet. Om hovudkvarter- og utviklingseiningar i dei store konserna og foretaka vert ført ut av området, kan dette forsterke slike verknader.


?? Slike og andre utviklingstrekk taler sterkt for målretta tilrettelegging for sjeldne former for produksjonsretta privat tenesteyting, like eins næringsretta FoU-innsats og IKT-verksemd. I dette arbeidet må Søre Sunnmøre samarbeide tett med Ålesund og utvikle ei fornuftig arbeidsdeling ut frå kompetanse- og næringsstruktur. Berre då kan ein klare å konkurrere med Oslo-området og utlandet innan slik verksemd.

Personretta privat tenesteyting

Slike tenesteyting er nært knytt til detaljhandel og anna kommersiell tenesteyting frå frisørar til "fitness-senter". Som vist på figur 6 er det små regionale variasjonar med regionstorleik fordi mykje av denne verksemda er "basal" som t.d. daglegvareomsetning – likevel er det ein klar samanheng slik at store regionar har høgre andel enn små, fordi dei mellom anna kan tilby skjeldne varer og tenester som har lands- eller landsdelsomfattande marknader. Dei fleste små regionane har ein sysselsettingsandel på om lag 20 %, dei største ein andel på over 30 % (Oslo 35%, Bergen 31%).

Søre Sunnmøre har ein andel på berre 23%, om ein tek omsyn til samla folketal og til studentar som ikkje er registrert som busette i området, burde andelen kunne vere over 26 %. Samstundes er sysselsettinga "skeivfordelt" i regionen, andelen er heile 26% i Ørsta/Volda og berre 20% på Ytre Søre. Desse forskjellane skuldast truleg dels dei mange studentane, men også "lekkasje" dels til Ålesundsområdet og til Ørsta/Volda frå Ytre Søre. Den lave andelen innan privat personrette tenesteyting har Ytre Søre sams med andre einsidige industriregionar som Høyander, Sunndal, Egersund og Sogndal/Årdal.

Figur 6. Personretta privat tenesteyting og regionstorleik



Eiksundsambandet vil skape ein meir integrert tenesteregion og vil kunne gi grunnlag for meir personretta spesialhandel og –tenester, i konkurranse med Ålesund. Samstundes tyder figur 4 på at det er mykje uutnytta potensiale spesielt på Ytre Søre og som det kan verte lettare å realisere med betre interne kommunikasjonar.

Tabell 8 viser at det er snart 800 varehandelforetak på Søre Sunnmøre og snart 2200 sysselsette. Daglegvarehandel dominerer i forhold til meir sjelden verksemd. Ørsta er litt meir dominerande enn dei andre kommunane.

Tabell 8. Varehandel, tal foretak og sysselsette i 1996. Kjelde: SSB

1996	Bedrifter			Sysselsatte		
	50 handel m. vedl. og rep. av motorkjt.mv. m. detaljh. drivst. motorkjt. m.v.	51 agentur- og engroshandel, unntatt m. motorkjøre-tøyer mv	52 detaljh, unntatt m. motorkjt. mv. rep. av hush. varer/ varer til pers.bruk	50 handel m. vedl. og rep. av motorkjt. mv. detaljh. m. drivst. motorkjt.m.v.	51 agentur- og engros handel, unntatt m. motorkjøre tøyer mv	52 detaljh, unntatt m. motorkjt. mv. rep. av hush. varer/ varer til pers. bruk
1511 Vanylven	9	4	33	24	5	101
1514 Sande	6	4	18	16	5	51
1515 Herøy	10	18	65	27	46	230
1516 Ulstein	11	18	58	68	79	260
1517 Hareid	8	19	39	29	26	110
1519 Volda	15	11	71	68	37	263
1520 Ørsta	22	30	92	97	121	364
Sum Søre S.	131	155	428	379	370	1431


Offentleg verksemd

Den offentlege sysselsettinga på Vestlandet er 26% mot Noreg 28% i 1998, og veksten frå 1992 til 1998 var på 7% mot 8% i landet. På regionalt nivå er sysselsettinga høg i småregionar som Høyanger, Odda og Voss og som lett kan verte utsett for nedbygging, og i regionar som Bergen, Førde, Sogndal/Årdal, Molde og Ørsta/Volda der den høge andelen er knytt til utdanning og/eller administrasjon, sjå figur 7. Til ein viss grad er det samanheng mellom aukande andel offentleg sysselsetting og minkande regionstorleik, noko som kan henge saman med til dømes kommunal sysselsetting og til dømes omsorg til ei relativt eldre befolkning i små regionar enn i store. Likevel – normalvariasjonen er liten – mellom 20 og 25%.

På Søre Sunnmøre har Ørsta/Volda (30%) litt høgre sysselsetting enn det ein kunne vente ut frå regionstorleik, vesentleg på grunn av sjukehus og høgskule, medan Ytre Søre (20%) har langt lavare andel enn "normalt" for regionstorleiken. Samla offentleg sysselsetting er på ca. 24% som også er klart under gjennomsnittet for Vestlandet og det "normale" for ein region med over 40.000 innbyggjarar.

Denne lave andelen offentleg sysselsetting på Søre Sunnmøre bør gjere området mindre utsett for sysselsettingsmessige konsekvensar av offentleg omorganisering – spesielt som samla region, men slike endringar kan føre til større områdeintern sentralisering av verksemd. Om ein ikkje ser Søre Sunnmøre som ei samla eining, kan funksjonar som sjukehus, høgskuleverksemd m.m. i Ørsta/Volda vere utsett. Kommunesamanslåing, strukturendring innan statleg verksemd (sentralisering av likning, politi m.m.) kan på same måte sentralisere slik verksemd innan området og ramme utkantområda sterkt, spesielt dei som ikkje har gode kommunikasjonar til sentralområda i området.


Figur 7. Regionstorleik og ande offentleg sysselsetting.



SAMFUNN OG KULTUR

Ein finn om mogleg ein endå klarare samanheng mellom regionstorleik og vekst i befolkningsutvikling enn for næringsutvikling, sjå figur 8. 7 av 14 regionar med under 40.000 innbyggjarar og 15.000 sysselsette i 1998 har faktisk nedgang i folketalet i perioden 1980 til 1998. På den andre sida har Stavanger og Bergen med sine nærområde hatt betydeleg vekst.


Figur 8. Regional befolkning 1998 og vekst i perioden 1980 til 1998



Både Ytre Søre (5%) og Ørsta/Volda (3%) har hatt litt høgre vekst i befolkning i denne 18-årsperioden enn regionstorleiken skulle tilseie, men betydeleg mindre vekst enn ein "normalregion" med over 40.000 innbyggjarar (ca. 10% vekst). På figur 9 er det sett nærare på samanhengen mellom endring i sysselsetting og befolkning på 1990-talet. Ørsta/Volda hadde 9% vekst i sysselsetting frå 1992 til 1998, men berre 2% vekst i befolkninga. Tilhøva i Ytre Søre var endå verre, ein sysselsettingsvekst på 17% har berre gitt 3% vekst i befolkninga! Det er sannsynleg at dette i høg grad skuldast små bu- og arbeidsmarknader, einsidig næringsliv og også strukturelle forhold til befolkninga. Dette er eit generelt trekk på heile Vestlandet som er flink til å skape arbeidsplassar, men i liten grad greier å følgje opp med befolkningsvekst. Dette i motsetning til Austlandsområdet der ein til dels har motsette tendensar (Selstad 1999:49).

På regionnivå på Vestlandet får eit klart bilde av vekst på kysten og stagnasjon og tilbakegang i indre fjordstrøk. Dette bildet vert modifisert på kommunenivå (Amdam et al 2000). På kysten ser ein at veksten er konsentrert til beltet mellom Stavanger/Sandnes og Bergen. Lenger nord er det visse kommunar på kysten som har sterk vekst som Førde, Flora, Ulstein, Sykkylven, Ålesund og Molde. I dette området har perifere kommunar til dels betydeleg tilbakegang i folketal. Dette er gjerne kommunar som ligg utanfor rimeleg dagleg reiseavstand til vekstkommunane som Bremanger, Selje, Sande, Vanylven m.m. Det same gjeld truleg også område i meir sentrale kommunar som ligg utanom rimeleg arbeidsreiseavstand til meir sentrale område, som Dalsfjordområdet i Volda.


Figur 9. Endring i sysselsetting og befolkningsutvikling i regionane på Vestlandet.



Det kan vere fleire grunnar til at befolkningsveksten ikkje er i samsvar med veksten i sysselsettinga:

- Det kan skuldast at det er vanskeleg å få folk til jobbane som blir skapte, noko som gjer at ein i stor grad må fylle stillingar på andre måtar. I industrien blir slike situasjonar gjerne løyste ved at ein til dømes hentar inn leigearbeidarar anten frå andre stader i Noreg eller i utlandet.
- Samsvar mellom etterspurnaden etter og tilbodet av arbeidskraft er også avhengig av kva kompetanse som blir etterspurt og tilbydd. Ungdom i distrikta satsar på lik line med ungdom elles i stor grad på utdanning, også lange utdanningar. Slike utdanningsval er ofte i større grad motivert ut frå kva ein ønskjer å bli enn kva behov det er for arbeidskraft i eigen oppvekstregion (Heggen, Båtevik og Olsen 2000, Wiborg og Anvik 2000). I ein slik situasjon kan det oppstå ein mismatch mellom etterspurnad og tilbod på arbeidsmarknaden. Dette vil særleg råke regionar som har vanskar med å rekruttere arbeidskraft gjennom tilflytting.
- Vanskar med å skaffe jobbar til to personar frå same hushald på ein stad er også eit veldokumentert problem i mange regionar. Når eit hushald skal etablere seg vil det i mange tilfelle vere eit krav at begge kan få relevant arbeid.
- Det kan også vere demografiske årsaker til at områder har mindre vekst i folketalet enn veksten i sysselsettinga skulle tilseie. Regionar med negativ naturleg tilvekst, til dømes på grunn av ein høg andel eldre i befolkninga, kan ha svak vekst i folketalet sjølv med ein auke i tal nye familiar som etablerar seg i regionen.

Figur 9. Folketalsutvikling på Søre Sunnmøre




Figur 9 og tabell 9 viser at etter 1964 (kommunesamanslåinga) Ulstein kommune er prega av langsiktig sterk vekst i folketalet (70%), god vekst i Hareid (28%), kommunane Volda, Ørsta og Herøy er prega av jamn menn ikkje spesielt sterk vekst (litt under regionen), medan folketalet i Vanylven og Sande har stagnert og gått tilbake dei siste åra og til eit lavare nivå enn i 1994. Totalt har folketalet i regionen vokse med 16% frå 1964 til år 2000. Busettinga er dei siste 35 åra sterk konsentrasjon til spesielt Ulstein og Hareid. I Ørsta og Volda har det foregått tilsvarande prosessar i forhold til kommunesentera. (Analyser viser ofte at utflyttinga foregår frå alle delar av kommunane, medan tilflyttarar ofte lokaliserer seg i sentrale område).


Tabell 9. Folketalsutvikling på Søre Sunnmøre

	Volda	Ørsta	Ulstein	Herøy	Hareid	Vanylven	Sande	Søre Sunnmøre
1964[2]	7207	9252	3857	7417	3707	3897	3465	38802
1965	7270	9333	3910	7478	3751	3901	3471	39114
1970	7334	9529	4469	7749	3907	3864	3494	40346
1975	7941	9844	5054	7913	4123	3851	3562	42288
1980	8020	10088	5313	8046	4325	3954	3522	43268
1985	7870	10289	5511	8031	4358	3961	3433	43453
1990	8006	10186	5662	8143	4486	3924	3337	43744
1995	8186	10305	6133	8242	4615	3785	3199	44465
2000	8322	10276	6541	8390	4748	3584	3081	44942
Endring 1964-2000	1115	1024	2684	973	1041	-313	-384	6140
Endring %	15 %	11 %	70 %	13 %	28 %	-8 %	-11 %	16 %

Figur 10. Aldersmessig befolkningsstruktur



Figur 11. Forholdet mellom kvinner og menn i ulike aldersgrupper, 1999.




Samanlikna med Noreg så har begge regionane mange unge under 20 år, noko som er eit positivt kjenneteikn, sjå figur 10. I dei "produktive" aldersgruppene mellom 20 og 67 år har begge regionane ein mindre andel enn landet, og i spesielt Ørsta/Volda er det også relativt fleire eldre enn gjennomsnittet i Noreg. Desse trekka tyder på at området har høg fruktbarheit, men også stor nettoutflytting.

Meir alvorleg er dei kjønnsmessige tilhøva som kjem fram på figur 11. Det er eit stort kvinneoverskot i dei eldre aldersgruppene i begge regionane, noko som er vanleg på grunn av at kvinner lever lenger enn menn. Det kritiske er aldersgruppene mellom 20 og 39 år. Der har Ytre Søre eit underskot på 480 kvinner, eller 14% og Ørsta/Volda eit underskot på 185 eller 8 %. Samstundes er det i studieåret eit kvinneoverskot mellom studentar på snart 1000 i Volda, der dei fleste ikkje er registrert som busette.

Av figur 12 kan ein sjå at det er samanheng mellom regionstorleik og kvinneunderskot på Vestlandet, der Bergen og Stavanger ligg på landsgjennomsnittet (-4%) eller betre, raskt synkande til rundt –10% eller dårlegare for regionar med mindre enn 50.000 innbyggjarar. Dei minste regionane har også størst variasjon, noko som skuldast at regionale tilhøve innan t.d. arbeidsmarknaden spelar ei stor rolle. I forhold til regionstorleik er underskotet i Ørsta/Volda litt betre enn gjennomsnittet, medan Ytre Søre ligg klart under gjennomsnittet for Vestlandet.

Figur 12. Regionstorleik og kvinneunderskot.




På tabell 10 er vist sum nettoflytting frå kvar av kommunane og Søre Sunnmøre i perioden 1964 til 1999. Denne viser klart at Søre Sunnmøre har hatt ei stor og langsiktig nettoutflytting. Berre Ulstein kommune har hatt ei nettoutflytting (13%) i denne 35 års perioden, alle andre

kommunar har hatt nettoutflytting og som til saman er 5 gongar så stor som nettotilflyttinga til Ulstein. Heile Søre Sunnmøre er ein betydeleg tapar nettoeksportør av ungdom og spesielt unge kvinner. Spesielt er Vanylven og Sande sterkt utsett.

Tabell 10. Folketal og nettoflytting.

	Volda	Ørsta	Ulstein	Herøy	Hareid	Vanylven	Sande	Søre Sunnmøre
Folketal 2000	8322	10276	6541	8390	4748	3584	3081	44942
Sum nettoflytting 1964-99	-509	-1007	836	-1092	-210	-856	-893	-3731
Nettoutfl. % av 2000	-6 %	-10 %	13 %	-13 %	-4 %	-24 %	-29 %	-8 %

Figur 13. Netto flytteoverskot Søre Sunnmøre




Figur 13 viser årleg netto flytteoverskot for Søre Sunnmøre og kommunane Ulstein og Volda. Ulstein har hatt litt nettotilflytting spesielt på 1970- talet og 1990-talet, truleg i periodar med god vekst i det maritime klusteret, elles om lag flyttebalanse. Volda sine svingningar er meir lik dei heile regionen har – t.d. frå 1972 og utover på 1970-talet har Volda hatt heile nettotilflyttinga til regionen – sjølvsagt i samband med oppbygginga av distriktshøgskulen. 1980- talet var ei periode med stor nettoutflytting frå Søre Sunnmøre og frå Volda. På 1990-talet har nettoflyttinga frå Volda bore om lag i balanse (stor vekst i studenttal i høgskulen), medan Søre Sunnmøre samla har hatt ei lita nettoutflytting (ca. 100 pr. år).

På figur 14 er Søre Sunnmøre delt inn i dei to ”sentralregionane” Ørsta/Volda og Herøy/Ulstein/Hareid (YS sentrum) og ”periferien” Vanylven og Sande (VS). Denne figuren får klart fram forskjellane i utfordring internt på Søre Sunnmøre. ”Sentrumsområdet” på Ytre Søre har hatt svingingar, spesielt nedgang på 1980-talet, men summert frå 1964 til 1999 ei nettoutflytting på berre 2% av folketalet (470 personar).

Før distriktshøgskulen kom rundt 1970 var Ørsta/Volda eit ”katastrofeområde” med omsyn til nettoutflytting – det same var 1980-talet då det var slutt på den offentlege ekspansjonen. 1980-åra var også vanskelege for dei sentrale kommunane på Ytre Søre. Samla nettoutflytting for 35-årsperioden er ca. 1500 personar eller 8% av folketalet år 2000. Det typiske med offentlege budsjett er at dei svingar motsett av private budsjett, dvs. at i krisetider aukar offentleg forbruk og motsett i gode tider, og spesielt utdanning vert brukt som eit ”motkonjunkturmiddel”. Derfor er dei ”gode” periodane prega av store offentlege investeringar i utdanning – men som 1980-talet og slutt 1990-tal viser kan dette lett vende seg til det meir negative når veksten i offentleg verksemd avtek. Regionen synes å vere svært avhengig av offentlege budsjett.

På same måten kan ein forstå variasjonane for Vanylven og Sande. Forbetringa på 1970-talet heng truleg i vesentleg grad saman med oppbygginga av kommunane som velferdsprodusentar med ungdomsskule, eldreomsorg m.m., men også ekspansjon ved AS Olivin, etablering av ”satelittproduksjon” innan skipsbygging – medan 1990-talet ikkje har vore prega av store offentlege løft i utkantkommunar (snarare tvert i mot). Samla nettoutflytting i 35-årsperioden er 1750 personar, heile 24% av folketalet i år 2000.

Tabell 14. Regionvis nettoflytting i 5-års periodar – tal personar.



I analysen av befolkningssituasjonen på Vestlandet (Amdam et al 2000) vart det mellom anna peika på desse forholda som også synes å gjelde Søre Sunnmøre og som ein må take omsyn til i arbeidet vidare:

?? Eit påfallande trekk er utviklinga for aldersgruppa 30-39 år. Denne aldersgruppa representerer unge vaksne i etableringsalder. Blant desse har det vore eit skifte i utviklinga på Vestlandet i 1990-åra jamført med tiåret før. I 1980-åra hadde Vestlandet ein vekst i denne aldersgruppa godt over landsgjennomsnittet. I 1990-åra er situasjonen endra. Veksten i landsdelen var under landsgjennomsnittet. Trass i relativ sterk befolkningsvekst på Vestlandet i løpet av 1990-talet, er det såleis teikn til at rekrutteringa av nyetablerte unge vaksne er svekt i forhold til føregåande tiår.


?? Eit trekk ved den demografiske utviklinga på Vestlandet er at nokre av dei regionane som har hatt ei rimeleg positiv utvikling i forhold til ein del demografiske variablar, kjem dårlegare ut i forhold til andre variablar. Enkelte relativt industridominerte regionar har til dømes vekst både i sysselsettinga og i aldersgruppa 30-39 år. Det som likevel er påfallande er at slik vekst også kan bli følgt av at kjønnsbalansen i dei same aldersgruppene blir skeivare. Dermed har enkelte regionar større mannsoverskot ved slutten av 1990-talet enn kva dei hadde i 1980 (dette gjeld spesielt Ytre Søre).

?? Desse utviklingstrekka opnar for ei drøfting av drivkreftene bak utviklinga av busetnadsmønsteret i landsdelen. Tradisjonelt blir det lagt vekt på at tilgang på arbeid legg grunnlag for hovudtrekka i busetnadsmønsteret. Men det er også slik at folk skaper arbeid. Store befolkningskonsentrasjonar er til dømes store marknader både for sal av varer og tenester. I eit slikt lys kan også vere bustadsattraktivitet vere ein viktig faktor for utviklinga. Det at folk gjerne vil til ein region vil i seg sjølv kunne påverke jobbskapinga. Dersom regionar blir oppfatta som lite attraktive kan dette på si side vere eit hinder for vidare næringsutvikling. Mangel på arbeidskraft, mangel på nøkkelpersonale og liknande kan bli flaskehalsar for utviklinga. Spørsmålet er om det er det siste som er problemet i fleire av vekstregionane på Vestlandet – spesielt dei meir perifere vekstregionane som Ulsteinvik, Florø m.m.

    ?? Det kan vere nærliggjande å sjå manglande samsvar mellom sysselsetjingsvekst og befolkningsvekst på Vestlandet i lys av dette. Det kan likevel vere nødvendig å utvide dette perspektivet noko. Spørsmålet kan også vere kor attraktive jobbane i dei ulike regionane er. Kan det vere slik at mange av dei jobbane som blir skapte på Vestlandet er mindre attraktive enn jobbane som blir skapte i det sentrale Austlandsområdet? Inngår desse jobbane i ein arbeidsmarknad der føresetnadene for karrierebygging er langt betre? Ligg forholda betre til rette for toinntektstilpassingar? Slike spørsmål må vere med i vurderinga når etableringsmønsteret blant den nye utdanningsgenerasjonen skal vurderast.

Framskrivingar av folketal

Figur 15 viser den midlare folkeframskrivinga til SSB til år 2020. Det er dei same tendensane som ein kan sjå av utviklinga dei siste 20 åra (noko som ein kunne vente sidan framskrivinga i stor grad byggjer på trendar), og viser igjen den store forskjellen mellom store og små regionar på Vestlandet. Regionar som er positivt avvikande i forhold til "trendlinja" er Jæren (nærleiken til Stavanger/Sandnes), Florø, Førde, Søndre Sunnhordland og Høyanger. Negativt avvikande er spesielt Molde, Kristiansund, Ørsta/Volda, Sogndal/Årdal, Voss, Odda og Surnadal. Samstundes er denne framskrivinga svært optimistisk på utkantane sine vegne. Til dømes er framskrivingane til fylkesplansekretæriatet langt meir pessimistiske (Fylkesstatistikk 1998, Møre og Romsdal).




Figur 15. Regionstorleik 1998 og folketalsframskriving til 2020 (alt. MMMM, SSB)

Tabell 11. Framskriving SSB, alternativ MMMM.

	Volda	Ørsta	Ulstein	Herøy	Hareid	Vanylven	Sande	Søre Sunnmøre
1999	8 280	10 357	6 537	8 359	4 731	3 607	3 092	44 963
2000	8 295	10 332	6 613	8 381	4 758	3 595	3 081	45 055
2001	8 302	10 339	6 704	8 401	4 776	3 580	3 070	45 172
2002	8 322	10 340	6 781	8 438	4 803	3 573	3 055	45 312
2005	8 379	10 353	7 036	8 532	4 853	3 536	3 026	45 715
2010	8 477	10 421	7 396	8 639	4 950	3 509	2 993	46 385
2015	8 581	10 536	7 699	8 773	5 028	3 487	2 960	47 064
2020	8 716	10 657	7 960	8 879	5 119	3 471	2 969	47 771
% endring 2000 - 2020	5 %	3 %	20 %	6 %	8 %	-3 %	-4 %	6 %

Folketalsutvikling etter 1980 i dei tre ”regionane” på Søre Sunnmøre er vist i lag med SSB si framskriving på figur 16. Tendensane frå dei siste 20 åra er ført vidare med vekst i det sentrale område på Ytre Søre, litt vekst i Ørsta/Volda og tilbakegang i ”periferiregionen” Vanylven/Sande. Truleg vil Eiksundsambandet stimulere veksten i dei to regionane som allereie har vekst.

Figur 16. Folketalsutvikling med framskriving (SSB MMMM).



SOSIALE TILHØVE


Statistisk sentralbyrå utarbeider årleg ein indeks for sosiale tilhøve i kommunane, sjå tabell 12. Kommunane på Søre Sunnmøre kjem ut som gjennomsnittet eller betre. Best er dei to utkantkommunane Vanylven og Sande, dernest Herøy og Ulstein og dårlegast (om lag på gjennomsnittet i Noreg og på nivå med Molde og Ålesund) dei tre andre kommunane.

Tabell 12, Sosialindikator Hjulet 2000. 1= Best, 10= Verst (Kjelde: SSB)


Kommune	Indeks	Sosial-hjelp	Døde	Uføre-trygd	Attførings penger	Vold	Arbeids ledige	Overgangs stønad	Lav utdanning
1502 Molde	4,6	7	2	4	4	6	3	6	3
1503 Kristiansund	9,3	10	8	9	8	10	10	10	3
1504 Ålesund	5,4	7	5	3	3	8	6	6	6
1511 Vanylven	2,9	3	**4**	3	2	5	2	1	6
1514 Sande	2,1	1	2	5	1	2	2	2	**10**
1515 Herøy	3,4	2	2	5	4	5	3	3	7
1516 Ulstein	3,4	3	1	4	5	7	2	2	2
1517 Hareid	5,1	4	1	5	5	**9**	3	**9**	**9**
1519 Volda	4,7	2	2	3	**8**	**9**	2	7	2
1520 Ørsta	5,1	**6**	2	5	4	**9**	3	7	3
1528 Sykkylven	2,4	2	1	5	1	3	1	4	**8**

Det Ørsta, Volda og Hareid kjem dårlegast ut med er vold, dvs. melde voldsbrotsverk i forhold til innbyggjartalet. Det er også mange på overgangsstønad eller som mottek andre typar for hjelp (for Volda kan dette vere studentar).

Figur 17. Andel arbeidsledige og uføretrygda av arbeidsstyrken (Kjelde: SSB web 2000)



Figur 18. Bruttoinntekt pr. innbyggjar. (Kjelde: SSB web 2001)



Kommunane Hareid, Herøy og Sande har spesielt mange uføretrygda, rundt 10% av arbeidsstyrken, sjå figur 17. Dei personlege inntektene er på eit klart høgre nivå i spesielt Ulstein og til dels Herøy og Hareid enn dei andre kommunane, sjå figur 18. Det høge inntektsnivået i Ulstein har kome dei heilt siste åra, truleg i samband med sal av foretak og kan synes spesielt sosialt skeivfordelt. Ein skal ikkje sjå bort i frå at det høge inntektsnivået i dei tre sentrale kommunane på Ytre Søre (på nivå med Ålesund kommune) også i sterk grad påverkar andre forhold som flyttebalanse og folketalsvekst samanlikna med dei andre områda på Søre Sunnmøre.

Av vedlegg 1 (data henta frå kommunestatistikken til SSB på internett 2. mars 2001) kan ein elles sjå at:

- Barnehagedekninga er klart høgre i Volda, Ørsta og Sande enn i dei andre kommunane.
- Talet elevar pr. skule er klart høgre og driftsutgiftene per elev lavare i Ulstein og Hareid enn i dei andre kommunane.
- Utdanningsnivået er høgast i Volda og Ulstein, lavast i Herøy, Vanylven og Sande.
- Andelen kvinner i kommunestyret er klart høgast i Volda og Hareid.

Tilhøva for ungdom og unge vaksne

I 1999/2000 vart det gjennomført granskingar i regi av NIBR og Møreforsking om tilhøva for ungdom og unge vaksne og deira syn på eigen tettstad/kommunesenter (Amdam m.fl. 2000b) med vekt på Haram, Vanylven og Ulstein. Dei generelle funna gjeld truleg heile Søre Sunnmøre og var:

Ungdom:

?? Det er ikkje lett å vere ung og å vekse opp i desse kommunane. 2/3 av dei unge i spørreskjemagranskinga markerer at dei mistrivst. På Sunnmøre er mistrivselen generelt sett stor og spesielt i Vanylven.

?? Berre 1/3 av ungdomen i dei tre Sunnmørskommunane markerer at dei har sterk tilknyting til heimkommunen, samanlikna med over 50% i Vikna i Nord-Trøndelag. Samstundes vert det markert at over 50% av gutane og over 2/3 av jentene ikkje reknar med å vere busett i kommunen om 10 til 15 år – samanlikna med berre 1/3 i Vikna. Spesielt negative er vurderingane av Vanylven.

?? Andre moment kan ein få frå spørreskjemagranskinga der ungdomane er blitt bedne om å nemne grunnar for ikkje å velje heimkommunen som bustad. Generelt sett er hovudargumenta mellom alle informantane at heimkommunen er kjedeleg og at det er mykje sladder – over 70% markerer dette. Dernest kjem manglande uteliv (61%) og arbeid (58%). Manglande transport (50%) og kultur- og organisasjonsaktivitetar (47%) kjem på dei neste plassane. I Sunnmørskommunane er vurderingane om lag dei same, men større vekt på transport i Ulstein og spesielt Vanylven der også manglande arbeid vert spesielt påpeikt av jentene.

?? Grunnar for å velje heimkommunen som bustad er vesentleg knytt til slekt (88%), natur (82%), sosialt liv (73%) og offentlege tenester (53%). Vurderingane i dei tre Sunnmørskommunane er om lag dei same med unntak av at offentlege tenester berre skårar ca. 27% i Vanylven og også sosialt liv skårar lågare enn i andre kommunar.


?? Dei største manglane med samfunna er mangelen på arbeid, transport, uteliv og butikkar/service. I tillegg kan ein legge organiserte fritidstilbod og møteplassar. Forskjellane mellom kommunane på Sunnmøre er mest knytt til gradar i forskjell – ulikskapane mellom ønskje og tilstand er aller størst i Vanylven.

?? Kva kan gjerast for å få forbetring? Nokre indikasjonar kan ein få frå svara dei unge i dei tre tettstadene har gitt. Dei peikar på manglande aktivitetar for uorganiserte, møteplassar, transport m.m. – i det heile aktivitetar som gjer det lettare for dei unge å treffe kvarandre og pleie sosial kontakt.

På figur 19 er desse tilhøva oppsummert for ungdom (16 til 19 år) – gapet mellom ønskje til si eiga kommune og korleis dei vurderer tilhøva. Ein må sjølvsagt vere merksam på at slike vurderingar lett vert overdrivne – men dei fortel ein god del om gapet mellom forventning til sitt eige framtidige liv og i kva grad dei meinar dette kan tilfredsstillast i heimkommunen.

Det som kjem klart fram og som også vert støtta av dei unge vaksne (sjå figur 20), er gapet mellom ønskje om og tilstand kva gjeld kommunikasjonar, arbeidsmarknad og service/uteliv. Dei unge vaksne peikar også på manglande tette sosiale relasjonar og kulturtilbod.

Figur 19. Ønskje til og vurdering av bustad (spørsmåla er ikkje direkte samanliknbare, men oppsummerer tendensar) – ungdom Møre.



Unge vaksne (20 – 35 år):


?? Den einaste faktoren der tilhøva er gode er knytt til natur og friluftsliv. Dernest og som over ½ er tilfreds med, er næringslivet i Haram og for menn i Ulstein og til dels Vanylven, og kulturlandskapet i Vanylven. For andre tilhøve som bebyggelse, sosialt miljø, lokalt kulturtilbod m.m. er det berre mellom 20 og 59% som er tilfredse med tilhøva.

?? Størst gap mellom forventning og vurderinbg av stadene er knytt til **tette sosiale relasjonar – sosialt miljø**. Mest alle informantane set dette som viktig, men berre rundt 40% er tilfreds med tilhøva og færrast i Ulstein – dvs. at 60% gap. Tilsvarande gap er det i vurderingar av **kommunikasjonsbehov** i forhold til tilbod, noko som er knytt til ferjer, lange avstandar m.m. og dårlege offentlege tilbod. Spesielt unge familiar vert lett avhengig av å ha to bilar med dei økonomiske utlegg dette fører til.

?? Det er også store gap mellom ønskje om tilhøve på **arbeidsmarknaden** og innan **kultur, underhaldning, butikkar** m.m. – gap på ca. 40% Som vi har sett framanfor er det spesielt kvinnene som er opptekne av desse manglane. Også **boligtilbodet** vert vurdert som dårlegare enn ønskjeleg.


?? På andre sida kjem natur og friluftsliv er vurderingane av tilhøva er klart betre enn ønskja og innan forhold som bygningsstil og idretts- og foreiningsliv er det lav vurdering men også lave ønskje.

Figur 20. Samanstilling av ønskje og vurdering (spørsmåla er ikkje direkte samanliknbare, oppsummering av tendensar) – unge vaksne Møre.



Ein del av denne granskinga omfatta også omegnskommunar og materialet vart delt opp i desse områda: Møre sør (Herøy, Vanylven og Sande), Møre midt (Ulstein og Hareid) og Møre nord (Haram, Skodje, Giske) – dvs. at heile Ytre Søre er dekt – men ikkje Ørsta/Volda. Dette gir høve til å sjå nærare på nokre av tilhøva og spesialt forskjellar mellom meir sentrale og perifere område på Ytre Søre.


Figur 21. Vurdering av sosialt miljø, unge vaksne.




Medan sosial likskap synes å vere eit karakteristisk trekk elles på Møre, er det peika på sosial ulikskap og klasseskilje mellom fattig og rik spesielt i Ulstein kommune. Her er det også i større grad enn elles peika på forhold som lukka ungdomsmiljø og klikkar, sladder, dårleg med møteplassar utanom kafear m.m., men også sterk lokalpatriotisme og aktivt idrettsmiljø. Det ver markert sterk missnøye med kulturtilbodet. Medan mennene er rimeleg nøgde med arbeidstilbodet, er kvinnene minst like missnøgde som dei i andre granska kommunar. Tydelegast ser ein dette i forhold til Haram kommune som er ein del av den store arbeidsmarknaden rundt Ålesund.

Det er også relativt manga av dei unge vaksne som har flytteplanar, sjå figur 22. Heile 15% av dei unge vaksne i Ulstein og Hareid har bestemt seg for å flytte, berre 2/3 markerer klart at dei er bufaste.

Figur 22. Unge vaksne og flytteplanar.



Figur 23. Unge vaksne si vurdering av næringslivet i kommunen, % positive.



Figur 23 viser dei store utfordringane som Ytre Søre har med å skape arbeidsplassar som vert opplevd som gode av dei unge kvinnene. Vurderingane er meir positive i Haram sjølv om næringslivet også i denne kommunen er einsidig som i Ulstein, men kommunen er ein del av den større arbeidsmarknaden i Ålesundsregionen. Eiksundsambandet kan skape noko forbetring her ved integrasjonen med Ørsta/Volda, men i tillegg trengs det langsiktig og systematisk arbeid for å auke talet arbeidsplassar for velutdanna ungdom spesielt innan tenestesektoren.

Tilvisingar:

Amdam J. (1998) *Regionale utviklingsprogram og partnerskap mellom private og offentlege utviklingsaktørar. Krav og forventningar på Nordvestlandet*. Notat 6/98. Møreforsking og Høgskulen i Volda. Volda.

Amdam J., F. O. Båtevik, E. Leknes og J. M. Steineke (2000): Framtid for Vestlandet? Scenario for Vestlandet 2000 – 2020. Forskingsrapport nr. 43. Møreforsking. Volda.

Amdam J., K. Beite, F. O. Båtevik, G. M. Olsen, T. Hanken og G. Tangen (2000): Vurdering av funksjonalitet og attraktivitet til sentera Brattvåg, Fiskåbygd og Ulstein. Arbeidsrapport nr. 98. Møreforsking Volda.

Bennett R. J. og A. McCoshan 1993: *Enterprise and Human Resource Development: Local Capacity Building.* Paul Chapman Publishing Ltd. London.

Båtevik, F. (2000): *Vestlandet – demografiske utviklingstrekk etter 1980.* Møreforsking. Volda.

DKNVS, 1999: *Norges muligheter for verdiskaping innen havbruk*. www.ntnu.no/ntva/rapport.

Hansen, J. Chr. og T. Selstad. (1999): *Regional Omstilling – strukturbestemt eller styrbar?* Universitetsforlaget. Oslo.

Healey, P., A. Madanapour and C. Magalhaes (1999): Institutional Capasity-building, Urban Planning and Urban Regeneration Projects. In M. Sotarauta (ed.) *Urban Futures: A Loss of Shadows in the Flowing Spaces?* Futura vol. 18. No. 3/1999. p. 117 - 137.

Hervik, A, E. Nesset og Ø. Opdal (1998): *Utviklingen i maritime næringer i Møre og Romsdal*. Rapport nr. 9805. Møreforsking Molde.

Hervik, A, E. Nesset og Ø. Opdal (2000): *Utviklingen i maritime næringer i Møre og Romsdal*. Møreforsking Molde.

Isaksen, A. og O. R. Spilling (1996): *Regional utvikling og små bedrifter*. Høyskoleforlaget. Oslo.

Isaksen, A. (1997) (red): *Innovasjoner, næringsutvikling og regionalpolitikk.* Høyskoleforlaget. Kristiansand.

Kommunal og arbeidsdepartementet (1969): *Innstilling fra Vestlandskomitéen*. Oslo.

Leknes, E og J.M.Steineke (2000: landsdelsstudie Vestlandet 1980 – 2020. Arbeidsnotater RF-2000/175. Rogalandsforskning. Stavanger.

Mønnesland, J. (2000): *Høgskolenes betydning som økonomisk aktivitet*. Kap. 2. I Sæther et al (2000).

Nilsson, J-E. (1998): *Blomstrande näringsliv. Krafter och motkrafter bakom förändringar i europeiska och amerikanska regioner*. ISBN 08-7082-630-7. IVA. Stockholm.

NOU 1973:28. *Om landsdelsplan for Agder og Rogaland.* Oslo.

Putman, R.D. (1993): *Making Democrasy Work. Civic Traditions in Modern Italy*. Princeton University Press. Princeton.

Rokkan, S. (1987): Geografi, religion og samfunnsklasse: Kryssende konfliktlinjer i norsk politikk. I Rokkan, S.: *Stat, nasjon, klasse*. Universitetsforlaget, Oslo. (Opprinneleg trykt på engelsk i 1967).

Selstad, T. (1998): *Distriktsregioner i vekst og nedgang, 1980-1995. Innspill til områderettede studier i det nye regionalforskingsprogrammet.* HiL. Lillehammer.

Selstad, T. (1999): *Østlandets framtid – oslodominert eller polysentrisk? Scenarier 1996 – 2015*. Østlandsforskning. ØF-rapport nr. 08/1999. Lillehammer

Storper, M. (1997): *The Regional World. Territorial Development in a Global Economy.* The Guilford Press. New York. London

Stöhr W. (red.) 1990: *Global Challange and Local Response. Initiatives for Economic Regeneration in Contemporary Europe*. The United Nations University. Mansell. London og New York.

Sæther, B., J. Mønnesland, K. Onsager, K. Sørlie og P. Arbo (2000): *Høgskolenes regionale betydning*. NIBR Prosjektrapport 2000:9. Oslo.

Törnquist, T. 1997: *Människa, teknik och territorium*. NordREFO. 1997:4. Stockholm.

Veggeland, N. 1996: *Regionenes Europa. Innføring i teori og praksis*. Spartakus forlag as. Oslo.

Wicken, O. 1997: Regionenes industrialisering – et historisk perspektiv. I Isaksen, A. 1997 (red.) s. 80-111.

Vedlegg 1: Kommunedata

SSB kom 2001 WEB

	År	Ørsta	Volda	Ulstein	Hareid	Herøy	Vanylven	Sande	Ålesund	Fylket	Landet
Areal km^2	2000	803,1	547,6	96,7	82,1	121	339,2	136	98,2	15 104,2	323 757,7
Jordbruksareal i drift, km2	1999	42	22	6	6	7	24	12	2	616	10 382
Befolkning											
Folketall pr. 1.1.	2000	10 276	8 322	6 541	4 748	8 390	3 584	3 081	38 855	243 158	4 478 497
Folketall, framskrevet til år 2010 (alternativ middels vekst)	1999	10 421	8 477	7 396	4 950	8 639	3 509	2 993	41 665	250 777	4 692 393
Endring siste 10 år	2000	90	316	879	262	247	-340	-256	+3 104	+4 812	+245 381
Befolkning pr. km^2	2000	12,8	15,2	67,6	57,8	69,3	10,6	22,6	395,8	16,1	13,8
Andel bosatt i tettbygde strøk. Pst.	1998	61	60	65	86	63	0	9	93	61	74
Andel kvinner pr. 100 menn 20-39 år. Pst.	2000	86	98	90	101	88	81	86	96	91	96
Andel barn og unge 0-17 år. Pst.	2000	24,6	25,5	26,8	26,8	25,3	24	24,1	23,9	24,3	23,5
Andel eldre 67 år og over. Pst.	2000	15,8	15	10,5	14,2	14,1	16,8	16,6	13,7	15	13,8
Andel barn/unge og eldre pr. 100 i yrkesaktiv alder	2000	68	68	60	69	65	69	69	60	65	59
Fødselsoverskudd/-underskudd	1999	-9	21	60	34	42	10	8	214	745	+14 128
Netto inn-/utflytting	1999	-68	21	-56	-19	-11	-33	-19	393	-128	+18 999
Andel personer med innvandrerbakgrunn: Ikke-vestlig. Pst.	2000	2,2	2,2	3,5	4	2,5	0,8	0,9	2,1	1,8	4,2
Andel personer med innvandrerbakgrunn: Vestlig. Pst.	2000	0,6	1	1	1,1	0,6	0,6	1,2	1,4	1	2,1
Barnehager											
Barnehagedekning 1-5 år. Pst.	1998	68,6	82,7	55,6	51,3	53,4	57	71,4	49	58	61,1
Herav andel m/heldagsplass. Pst.	1998	48,8	60,9	73,5	51,1	41,5	28,1	40,5	70,1	54,8	65,7
Barnehagedekning 1-2 år. Pst.	1998	43,4	65,9	33,5	27,2	28,2	33,7	52,3	18,7	32,2	38,8
Barnehagedekning 3-5 år. Pst.	1998	85,1	93,7	68,9	66,5	70,9	73,3	83,5	69,6	75,1	75,9
Andel barn med kommunal barnehageplass. Pst.	1998	57,3	40,8	34,4	75	42,4	100	56,2	33,4	57,6	56,7
Driftsutgifter barnehager pr. innbygger	1999	2 102	1 609	1 839	1 982	938	1 829	1 541	705	1 386	1 708

Utdanning

	År	Ørsta	Volda	Ulstein	Hareid	Herøy	Vanylven	Sande	Ålesund	Fylket	Landet
Antall elever pr. skole i grunnskolen	1999	87	80	157	146	89	80	60	246	125	177
Antall elever pr. klasse i grunnskolen	1998	16,6	17,1	20	18	18	15,1	14,9	19,7	18,1	19,9
Andel elever i grunnskolen med språklig minoritetsbakgrunn. Pst.	1998	2,3	1,8	5,7	5	4,6	2,1	2,5	2,7	2,6	6,3
Driftsutgifter til grunnskolen pr. elev	1999	48 417	49 106	45 641	43 084	50 020	47 877	58 245	41 432	46 145	46 335
Driftsutgifter til grunnskolen pr. innbygger	1999	6 724	7 184	6 518	6 565	7 005	6 342	8 005	5 426	6 311	5 959
Andel 16-18 år i videregående opplæring pr. 1.10.. Pst.	1998	84,6	92,2	88	86,4	87,2	83	87,7	87,2	89,1	90,5
Menn	1998	81,9	91,5	84,8	84,6	85,7	82,8	83,3	85,8	87,8	90
Kvinner	1998	87,7	92,9	91,1	88,2	88,7	83,1	93,5	88,7	90,4	91
Andel av befolkningen 16 år og eldre med høyere utdanning. Pst.	1999	16,8	26,1	21,6	17,1	13,9	12,8	13,4	22,9	17,7	21,5
Menn	1999	16,7	25,8	23,3	19,7	15,8	13,4	14,1	24,2	18,4	22
Kvinner	1999	17	26,3	19,9	14,5	12	12,2	12,6	21,7	17,1	21,1

Kommunestyrevalget 1999

Valgdeltagelse	1999	58,8	65	61,1	66,1	59,2	63,3	63,1	52,7	59	60,4
Andel stemmer pr. parti. Pst.			0	0	0	0	0	0	0		
Arbeiderpartiet	1999	18,8	11,3	19,4	8,7	30,6	21,7	13,4	15,5	22,5	28,6
Fremskrittspartiet	1999	12,8	4,9	10,7	18,6	9,6	0	0	15,5	8,2	12,1
Høyre	1999	10,4	27,7	28,8	15,3	15,3	14,2	26,1	18,3	20,5	21,4
Kristelig Folkeparti	1999	15,8	18,9	20	13,1	22,9	19,5	13,2	15,5	15,7	9,3
Senterpartiet	1999	23,3	16,4	7,8	6,2	3,4	16,8	5,6	2,4	13,6	8,3
Sosialistisk Venstreparti	1999	11,5	12,5	4,5	5,4	3,6	0	2,8	7,4	5,4	7,8
Venstre	1999	7,3	8,3	8,8	15,9	12,9	7	0	2,9	7,1	4,4
Andre lister eller partier	1999	0	0	0	17	1,8	20,8	39,1	22,4	6,9	8
Andel kvinnelige representanter i kommunestyret. Pst.	1999	28	40	24	32	18	24	17	39	33	34

Arbeid/inntekt

	År	Ørsta	Volda	Ulstein	Hareid	Herøy	Vanylven	Sande	Ålesund	Fylket	Landet
Registrerte arbeidsledige 16-24 år som andel av arbeidsstyrken. Pst.	jun.00	3,6	4,1	3,8	3,9	6,3	1,3	1,2	3,1	3,4	3,4
Menn	jun.00	4,9	5,4	4,7	5,1	5,1	1,1	0,7	4	3,7	3,9
Kvinner	jun.00	2	2,4	2,9	2,6	7,9	1,6	2,1	2,1	3,1	2,8
Registrerte arbeidsledige 25-66 år som andel av arbeidsstyrken. Pst.	jun.00	1,6	2	2,3	2,6	2,2	2,5	2	2,7	2,1	2,5
Menn	jun.00	1,3	1,6	2,2	1,3	1,9	1,6	2,3	2,9	1,9	2,6
Kvinner	jun.00	2	2,3	2,3	4,1	2,5	3,7	1,5	2,5	2,4	2,4
Uførepensjonister 16-66 år pr. 1 000 innbyggere	1999	81	81	72	93	97	80	89	73	86	93
Bruttoinntekt pr. innbygger 17 år +	1999	190 595	194 022	311 070	210 355	223 033	186 231	193 887	225 083	206 677	220 113
Menn	1999	238 429	242 518	386 375	282 376	306 794	244 043	256 705	290 926	263 479	277 421
Kvinner	1999	141 916	148 469	232 582	139 410	135 605	125 915	128 966	162 500	150 569	165 114

Helse, sosial og omsorg:

Dødelighet pr. 1000 innbyggere 60-74 år	1997-99	13	13	13	17	11	15	14	17	17	19
Barn med barnevernstiltak pr. 31.12. pr. 1000 barn 0-19 år	1999	17	18	13	20	11	14	20	18	18	21
Sosialhjelpstilfelle pr. 100 innbyggere 16 år +	1997	3	2	2	3	2	2	2	4	4	5
Andel enslige forsørgere i prosent av alle barnetrygdmottakere	1997	15	14	12	15	12	11	9	16	15	18

Kommuneøkonomi

Driftsutgifter pr. innbygger	1999	26 581	27 128	26 672	26 728	25 273	28 191	32 179	25 726	28 103	31 022
Skatt på inntekt og formue pr. innbygger	1999	10 318	10 449	14 109	10 588	13 125	10 597	10 803	12 850	11 529	13 837
Rammetilskudd pr. innbygger	1999	8 703	9 625	7 045	7 967	5 759	10 769	13 851	4 633	8 344	7 562
Investeringer pr. innbygger	1999	6 414	5 384	4 852	4 615	7 262	6 531	6 246	6 519		